Viktig synest eg også det er å leggja merke til det omgrepet Nils Lewan (1969) brukar, og som Andersson viser til, nemleg *den skjulte urbaniseringa* (den "dolda urbaniseringa") (Andersson 1987:36). Eit anna omgrep, eller ei anna side ved urbaniseringa, er det som kan kallast *mental urbanisering*. Dette omgrepet er meint å referera til ein mental prosess mot "det urbane" (Andersson 1987:42).

Frå Reymond E. Pahl (1970:101) har me elles den slåande formuleringa: "Some people are of the city but not in it, whereas others are in the city but not of it."

Eg vil ikkje gå lengre langs denne "urbaniseringslina", men meiner å ha gjort det klart at ein også ved fenomenet urbanisering kan tala om ein mental prosess, ein måte å tenkja på, og ein måte å forhalda seg til omverda på. Dette er noko eg kjem tilbake til i mi "personlegdomstenking" her nedanfor.

4 Ulike "personlegdomstypar"?

I løpet av alle dei timane og dagane eg til saman sat i lag med dei 41 informantane mine, var det ein tanke som blei stadig sterkare hjå meg. Eg tykte så tydeleg å sjå to "personlegdomstypar" i denne flokken: På den eine sida: den "heimekjære" typen, som gav uttrykk for sterk tilknytning til bygda, og på den andre sida: den "utovervende" typen, som såg fram til å koma i eit anna miljø.

4.1 "*Homo staticus*" og "*homo dynamicus*"

Denne oppdaginga av to "mennesketypar" mellom informant-ungdommane mine, gjorde at eg etter første intervjurunden vende tilbake til dei 16 eldste informantane, som var frå 19 til 28 år gamle, og intervjuar dei ein gong til, særleg med tanke på tilhøvet til det lokalsamfunnet der dei var oppvaksne (Kvinesdal) – identitetskjenne, lokal tilhørsle, synet på framtida osv. Grunnen til at det berre blei desse 16 av dei i alt 41 personane som var med i granskinga, var at eg rett og slett tykte at eg ikkje kunne gå tilbake til skulane og be om å

få "låna" elevane ei tredje gong. (Dei yngre 25 informantane var alle skuleelevar.)

Eg var i denne "ekstra-omgangen" (det kvalitative intervjuet) ute etter å finna ut meir om dei to "personlegdomstypene" eg syntest kom til syne i informantflokken.

Med utgangspunkt i dette siste intervjuet med dei 16 informantane, og med grunnlag i kva dei hadde svara på spørjeskjemaet som gjaldt sosiale bakgrunnsvariablar, kom eg fram til at eg kunne sortera desse (eldste) informantane i to grupper: 1) "homo staticus"-gruppa og 2) "homo dynamicus"-gruppa. Det viste seg å bli 8 personar i kvar gruppe. Namna på dei to gruppene kom eg fram til etter å ha lese ein artikkel av Edgar Radtke (1997). Radtkes arbeid kjem eg tilbake til nedanfor.

Det er langt frå tette skott mellom dei to gruppene mine. I kvar gruppe finst det einskilde informantar som har *nokre* felles trekk med medlemmene i den andre gruppa (glidande overgangar). Nedafor gjev eg ein "type-karakteristikk" av dei to gruppene:

Gruppe 1 "homo staticus"

Dei unge som høyrer hit, oppheldt seg i høg grad saman med venene sine frå Kvinesdal i gymnastida. Dei var ikkje særleg opptekne av å "farta" til Flekkefjord i helgene. Det som likevel mest av alt skil denne gruppa ut frå *gruppe 2*, nedanfor, er det synet medlemmene (i *gruppe 1*) har på bygda Kvinesdal og den framtida ein kan sjå for seg på denne staden. Dei er stolte over å vera frå Kvinesdal, og dei gjev mest alle klart uttrykk for at dei i framtida tenkjer å slå seg ned i bygda. Difor er det viktig for dei å få eit yrke som gjer dette mogeleg. Dei synest òg det er "viktig" eller "litt viktig" å bu nær familien. Dei meiner at Kvinesdal har nok kulturtilbod til at dei kan leva eit rikt sosialt liv her. Dei har eit positivt syn på eige talemål (Kvinesdalsdialekten), og dei tykkjer det er viktig å ikkje endra dialekten. I det heile så uttrykkjer gruppe 1 seg mykje meir positivt om dei fleste ting i bygda enn det gruppe 2 gjer.

Gruppe 2 "homo dynamicus"

Medlemmene i denne gruppa har òg visse kjenneteikn. Allereie i gymnastida etablerte dei unge som høyrer til homo dynamicus-flokken, kontakt med kameratar og vener i Flekkefjord (og nabobygdene til Flekkefjord: Moi og Sira). I helgene var dei i lag med både kameratane sine frå Kvinesdal og dei "nye" venene frå byen og nabodistrikta.

Homo dynamicus-typane har alltid likt å reisa. Ein god del av av desse ungdommane gav elles uttrykk for at dei likar godt å gå på restaurant og å "spisa ude".

Også for denne gruppa er det viktigaste kjennemerket det synet desse personane har på bygda og byen, og på kvar dei tenkjer å slå seg ned etter avslutta utdanning. Det store fleirtalet av denne gruppa vil "ut og sjå seg om". Det er for desse ikkje viktig å få eit yrke som gjer at dei kan slå seg ned i Kvinesdal. Heller ikkje er det "svært viktig" for dei å bu nær familien. 11 av 18 i denne flokken ønskte å etablere seg i Kristiansand eller Oslo – eller i utlandet.


4.2 Det "topodynamiske" og det "topostatisk" mennesket

Distinksjonen mellom topostatisk og topodynamisk språkleg praksis ("topodynamic and topostatic linguistic behaviour") blei introdusert av Harald Thun (1996). Thun resonerte som så: Tradisjonell dialektologi har interessert seg mest for eldre, rurale språkbrukarar, som har vore bufaste på same staden mykje av livet, menneske som Thun vil kalla for *topostatisk*.

Verkelegheita krev, seier Thun, at me også tek omsyn til dei *topodynamiske* menneska, dvs. språkbrukarar som har flytta fleire gonger i livet. Denne dimensjonen, *topodynamisk* kontra *topostatisk* lingvistisk praksis, er overteken av m.a. Edgar Radtke (Heidelberg Universitet) i hans studium av korleis migrasjonsprosessen fører til språkendingar i Napoli-regionen i Italia (Radtke 1997). Radtke finn det naturleg å ta i bruk dimensjonen topodynamisk – topostatisk, særleg sidan "Migration is to be defined as just such a geographical movement *par excellence*" (Radtke 1997:5). Han seier vidare:

The more the speakers move, the more they are in contact with other varieties, the consciousness of which forms the basis for a new linguistic behavior (Radtke 1997:10).

I samsvar med Thun (1996) set Radtke opp dette skjemaet for "diatopical variation":



Radtke fann innafor sitt dialektområde også innovasjonar i talemålet som hadde utgangspunkt i den "gamle" dialekten. Slike nylagingar oppdaga han også blant yngre språkbrukarar, og han meiner at det er dei 'topostatiske' språkbrukarane som konsoliderer slike språkformer. Dei 'topodynamiske' samfunnsmedlemmene tek derimot ikkje opp desse interne nylagingane (Radtke 1997:10).

Nå skal det seiast at dei som har drøfta dette med topostatisk og topodynamisk språkleg praksis, har tenkt nokså konkret på den skilnaden det blir på språket til dei som har flytta mykje og dei som har vore busette på same staden heile livet. Sjølv meiner eg at ein også kan snakka om ei topostatisk og ei topodynamisk *innstilling* til omverda. Me kan, etter mitt syn, også snakka om ein topostatisk og ein topodynamisk "personlegdomstype".

4.3 Personlegdomstypar og språkbruk – resultat

Etter at eg nå hadde etablert mine to "typar", "homo staticus" og "homo dynamicus", gjorde eg ein analyse av språkbruken til kvar av gruppene. Denne analysen gjeld bruken av tradisjonelle dialektformer gjennomsnittleg for kvar gruppe (gruppe 1 = homo staticus og gruppe 2 = homo dynamicus). Resultatet vart slik det går fram av tabell 1 nedanfor.

Tabell 1. Språk : "homo staticus" og "homo dynamicus". Aldersgruppa 19–28 år.

(Gjennomsnittleg bruk av tradisjonelle språkformer)

"homo staticus" (8 informantar)	"homo dynamicus" (8 informantar)
58,3	36,9

Etter å fått fram dette resultatet, tok eg for meg resten av informantgruppa (dei frå 14 til 18 år, 25 i talet). Eg høyrde gjennom (det første) intervju-opptaket med dei, og eg såg gjennom svara dei hadde gjeve på spørjeskjema som gjaldt bakgrunnsvariablar. Desse ungdommane blei såleis ikkje intervjuva på nytt, slik tilfellet var med dei 16 frå 19 til 28 år. Eg fann likevel ut at eg ut frå same tankegangen som ovanfor kunne fordela 21 av desse på dei to gruppene "homo staticus" og "homo dynamicus". I alt 4 av desse yngre informantane hadde gjeve så sprikande svar at eg måtte setja dei i ei gruppe for seg: "midtimellom"-gruppa.

Dersom eg nå slo saman alle informantane som det hadde late seg gjera å klassifisera, kom eg til talet 37. Språkleg blei resultatet for alle informantane samla slik det går fram av tabell 2 nedanfor:

Tabell 2. Språk : "homo staticus" og "homo dynamicus". Alle informantane.

(Gjennomsnittleg bruk av tradisjonelle språkformer)

"homo staticus" (19)	"midtimellom"- typen (4)	"homo dynamicus" (18)
59,5	43,5	37,2

Tabellen viser at det er eit nokså klart samsvar mellom språkbruk og det eg har kalla "personlegdomstypar".

5 "Personlegdoms-tenking" i sosiolingvistiske arbeid

Etter at eg hadde kom fram til dei nemnde resultatata (jf. ovanfor), vart eg meir og meir nyfiken etter å finna ut om det også var andre sosiolingvistar som har gjort seg tankar om samanhengen mellom "personlegdomstypar" og språkbruk. Eg gjekk nå til faglitteraturen, og prøvde å orientera meg om dette. I det følgjande refererer eg noko av det eg fann. Resten av denne artikkelen blir på ein måte ei "bevisføring" for, eller underbygging av, ei tenking omkring personlegdomstypar og språkbruk, slik eg har argumentert for dette i mitt prosjekt.

Eg har alt nemnt Edgar Radtke (1997) og hans utgreiing om "topostatisk og topodynamisk lingvistisk praksis". Sjølv meiner eg at ein også kan snakka om ei topostatisk og ei topodynamisk innstilling til omverda, jf. ovanfor.

Det neste eg vil nemna i denne samanhengen, er Gunnstein Akselbergs fenomenologiske tilnærming til sine informantar (Akselberg 1995:156 f.). Bak valet av tradisjonelle og moderne felt som Akselberg gjer i prosjektet sitt, ligg den fenomenologiske idéen om at dei heimelsmennene som er mest aktive i og som har mest positiv/open haldning til *tradisjonelle* felt, vil ha ei sterkare "tradisjonell konstituering av kvardagsverda" enn dei som er mest aktive i og som har mest positiv haldning til *moderne* felt. Han finn også at den siste gruppa (som er positiv til moderne felt) har gjennomsnittleg fleire moderne språkformer enn dei som er mest positive til tradisjonelle felt (Akselberg 1995:413–414).

Akselberg meiner elles at ein kan sjå på heimelsmennene sine aktivitetar i forskjellige felt som refleksjonar av ulike *livsstilar*. Han peikar på at handlingane til informantane representerer visse mønster, og det er desse mønstra som *reflekterer livsstilane deira* (Akselberg 1995:161, 414).

Etter mitt syn nærmar Akselbergs tenking det eg vil oppfatta som særdrag ved personlegdommen til den einskilde informanten. Eg har drista meg til å gå eit steg vidare frå Akselbergs "livsstils-tenking" mot ei klassifisering av informantane etter kva for "personlegdomstype" dei representerer.

Mats Thelander granska midt på 1980-talet språkendringar hos 24 personar som hadde flytta frå det nordlege Västerbotten til Eskilstuna-området i det sentrale Sverige. Ved å gruppera informantane etter graden av "norddrag", "sørdrag" og "riksdrag" kjem Thelander fram til at den gruppa av flyttarane som har minst norddrag, er den som har flest riksdrag, og omvendt (Thelander 1985:75 f.).

Thelander meiner at ein kan tala om to personlegdomstypar blant dei som har flytta. Han seier: "Bakom dessa samband *anar man förekomsten av två personlighetstyper*, som efter flyttningen till Eskilstuna löser problemet med språklig anpassning på olika sätt" (Thelander 1985:76) [mi utheving].

Mats Thelander meiner at det *ikkje* er noko som talar for at dei to måtane å forhalda seg på *berre* skulle retta seg inn mot språklege tilhøve. Han vil likevel ikkje dermed ha sagt at den orienteringa språkbrukaren t.d. har mot riksspråket, berre (først og fremst) har å gjera med psyken til vedkomande: "Säkert medverkar både social bakgrund och omgivning, och ingenting utesluter heller att samma individ under sin livstid kan ändra hållning i det här avseendet" (*op.cit.*).

Også Brit Mæhlum (1992) er inne på at personlegdommen til den einskilde språkbrukaren har sitt å seia for dei lingvistiske vala vedkomande gjer (*individets "personlighet"*). Ho meiner at

nettopp forhold nært knyttet til den individuelle og sterkt subjektavhengige kvaliteten 'personlighet', har en helt avgjørende funksjon når det gjelder å styre og regulere den enkelte språkbrukers verbale atferd. Eller sagt på en annen måte – et individs personlighet representerer en svært vital komponent i det komplekset av faktorer som vil kunne influere på valget av språklige strategier innenfor et visst sosialt fellesskap (Mæhlum 1992:331).

I sosiolingvistikken har nok likevel korrelasjonen mellom personlegdom og språkbruk vore lite utnytta, meiner Mæhlum:

Men det er likevel klart at forhold som angår det spesifikt individuelle og personlige ved språkbrukeren, i liten eller ingen utstrekning har blitt

utnyttet aktivt, eller virkelig er forsøkt utdypet i konkrete lingvistiske studier (Mæhlum 1992:330).

Brit Mæhlum er klar over at faktorar som høyrer inn under personlegdommen, er verdiar som vanskeleg lar seg måla på ein så konsis måte at dei kan inngå som operasjonelle termar i ein taksonomisk studie (1992:331). Men ho trur at det kan vera fruktbart å ta utgangspunkt i det potensialet den enkelte språkbrukaren har når det gjeld å influera på sine sosiale omgjevnader; og tilsvarende – i kva grad er språkbrukaren sjølv *mottakeleg* andsynes dei andre sine ulike stimuli? Mæhlum meiner at det nettopp er denne siste dimensjonen, "det vil si sensitiviteten i forhold til varierende kontekstuelle betingelser, som danner grunnlaget for det enkelte psykologer velger å karakterisere som "two types of people - high and low self-monitors" (Snyder 1987:13, Mæhlum 1992:332).

I sin konklusjon i høve til drøftinga av språk og personlegdom kjem såleis Brit Mæhlum til at dei sidene ved personlegdommen som gjeld menneska sine ulike konformitetsbehov, blir dei som er særleg viktige (Mæhlum 1992:332–333).

Carol M. Scotton har skrivt ein artikkel som heiter: "Explaining Linguistic Choices as Identity Negotiations" (1980). Her set ho opp tre hypotesar for kva som bestemmer språkbruken til folk i ulike samhandlingssituasjonar (eller i ulike nettverksforhold). For meg er det særleg interessant å leggja merke til det Scotton seier om språkbruken i "weakly-defined role relationships":

In weakly-defined role relationships, which particular exploratory choices are presented for unmarked status will depend on the nature of the goals participants have for the relationship. For example, whether they have long or short-term goals for the duration of the relationship is a potential independent variable. *Individual personality characteristics, including goals, will be better predictors of linguistic choices than are group identities or situational factors* (Scotton 1980:362–363) [mi utheving].

Som me ser, meiner Scotton at *personlege særdrag* er svært viktige for språkvalet i *svakt* definerte rolleforhold. Nå er det likevel litt uklart kva Scotton legg i dette med "weakly-defined role relationships". Men det kan sjå ut som at ho tenkjer på kommunikasjonssituasjonar

der samtalepartnerane *ikkje* har ei bestemt rolle "å leva opp til"; dei prøver seg meir fram i valet av språklege variantar (Scotton 1980:361–363).

Interessante bidrag til debatten som gjeld språk og personlegdomstypar, har forskarane *Peter Auer, Birgit Barden og Beate Grosskopf* gjeve (Auer, P. / Barden, B. / Großkopf, B. 1997). Desse sosiolingvistane har studert språkutviklinga til 52 personar som etter at Berlinmuren fall, flytta frå Sachsen i det tidlegare DDR til to ulike område i Vest-Tyskland. Forskarane fann at desse personane kunne grupperast i 3 *prototypar* etter den lojaliteten dei la for dagen i høve til tilflyttings- og fråflyttingsregionen (deira "Ortsbezogenheit") (1997:14). Kjenneteikna på dei tre typane var desse:

1. Den første prototypen fekk namnet "the cheerful soul", ein type som legg vekt på det positive i tilværet og legg det negative til sides.
2. Den andre prototypen er blitt kalla "the cool one". Det gjeld her dei menneska som ser på sine eigne røynsler i dei nye omgjevnadene med ein viss distanse i blikket. Dei seier med seg sjølv: "Det vil nok gå bra", utan at dei sjølve involverer seg for mykje i det daglege livet (går ikkje inn i styre og stell).
3. Den tredje prototypen har desse forskarane kalla "the fighter". Dei som får denne karakteristikken, er dei som er mykje misnøgde med det nye livet etter migrasjonen. Dei nemner det negative, og sjeldan det positive. Men i motsetnad til "the cool one" er "the fighter" mykje oppteken av å gjera noko med sin eigen livssituasjon, og har eit sterkt ønske om å "bli assimilert" med folka på den nye staden.

Det synest for meg som om desse tre prototypane representerer personlegdomstypar som har ulike innstillingar til fysiske og sosiale miljøet rundt seg.

Uavhengig av prototype-inndelinga grupperer Auer og kollegaene hans informantane vidare inn i 4 grupper etter korleis dei "ordnar"

talemålet sitt. Forskarane finn at dei ulike "typane" har ulike språklege strategiar i møte med det nye miljøet. Men det finst også døme på at ulike prototypar har same språklege strategien, men med heilt ulik motivering for dei språklege vala som blir gjorde.

Både prototype-inndelinga til Peter Auer (og kollegaene hans) og inndelinga i undergrupper, er etter mitt syn eit vitnemål om ei tenking som i *prinsippet* liknar på den gruppe-inndelinga eg føreteik (*homo staticus* og *homo dynamicus*).

Kåre Rørhus (1993) er ikkje språkforskar, men sosiolog og medieforskar. Likevel synest eg det er interessant å ta med noko om den "type-tenkinga" han legg fram. I si gransking av ungdomskultur og massemedia skildrar han to personlegdomstypar. Han fortel at han fann to fundamentalt forskjellige ego-orienteringar blant dei ungdommane han studerte. Desse "orienteringane" får ifølgje Rørhus konsekvensar for den einskilde, både for haldning til og påverkelegheit frå idola i massemedia og for korleis vedkomande reagerer på gruppenormer og gruppepress. Den eine gruppa av ungdommar er real- og "sjølvorientert" i sitt forhold til identitetsreferansar, medan den andre er meir fiksjons- og "andreorientert" (Rørhus 1993:341).

Me såg ovanfor at C.M. Scotton meinte at personlege særdrag er svært viktige for språkvalet i svakt definerte rolleforhold. Sjøv meiner eg at særdrag ved personlegdommen har mykje å seia for all språkhandling. Skilnad mellom ulike personlegdomstypar ligg, som nemnt ovanfor, mykje i den drivkrafta kvar einskild har til å "opptre konformt" eller til å ikkje gjera det. Kven ein vil opptre konformt med, vil variera frå person til person. I mitt tilfelle, i mitt prosjekt, står valet for mange mellom anten å identifisera seg med dei som blir buande i bygda, og dei verdiane som finst her – eller med dei som "vil ut" (eller alt har flytta ut), gjerne til ein større by. I det siste tilfellet vil det etter mitt syn ofte vera snakk om ei meir "urban innstilling" til omverda. Jamfør elles drøftinga av dette ovanfor.

6 Kva meiner psykologane?

Sidan eg i prosjektet mitt etter kvart kom til å leggja ein god del vekt på tilhøvet mellom personlegdom og språkbruk, finn eg det naturleg å ta med noko om kva psykologane legg i omgrepa *personlegdomstype* og *personlegdomstrekk*. Spørsmålet mitt er følgjande: *Er psykologane si tenking omkring personlegdomstypar foreinlege med mi type-inndeling?*

Generelt kan ein seia at personlegdomspsykologien handlar om korleis likskapar og ulikskapar mellom menneska best kan beskrivast. Den handlar også om korleis likskapar og ulikskapar heng saman med kvarandre, korleis dei er oppstått og utvikla, og korleis dei eventuelt kan endrast.

Personlegdomsforskarane har opp gjennom åra prøvd på å finna fram til *kategoriar* som menneska kan plasserast i etter sin personlegdom. Ein har vilja utvikla ein *typologi* (system av personlegdomstypar). Det har likevel synt seg nokså vanskeleg å få til dette (jf. Teigen 1997:175). Nå er det likevel ikkje alle psykologar som avviser ei typologisering, jf. nedanfor om teorien til Hans J. Eysenck (1947).

6.1 Karaktertrekk – personlegdomstrekk

Eit alternativ til å plassera menneska i båsar er å beskriva dei ut frå kva for *personlegdomstrekk* dei har. Her tenkjer ein seg at folk blir kjenneteikna ved å ha mykje eller lite av ulike eigenskapar. Døme på dette har me når me seier at *Petter er meir beskjeden og meir engsteleg enn Else*, som på si side *er meir pratsam og meir spontan*. Her er det ikkje snakk om at ein anten har ein eigenskap eller ikkje har han, men om *gradsforskjellar*. Slike personlegdomseigenskapar knytte til grunnleggjande motiv og korleis dei blir styrte, blir i psykologien kalla *karaktertrekk*.

Dei psykologane som heller til denne retninga, vil meina at personar som har fleire felles karaktertrekk, vil oppføra seg nokolunde likt i *samanliknbare situasjonar* dersom ein ser dette i *eit lengre perspektiv*. Det er altså snakk om eit statistisk "gjennomsnittleg" reaksjonsmønster (oppførsel) i mange liknande situasjonar over tid (jf. Pervin 1993:278).

6.2 Teorien om typar

Eg nemnde ovanfor at det har synt seg vanskeleg å setja folk i båsar. Ein svært kjend psykolog, Hans J. Eysenck,¹ har likevel sett fram ein teori som fører folk saman i "typar" (jf. Pervin 1993:282 f.). Gjennom ein såkalla "faktoranalyse" kjem Eysenck fram til ulike personleg-domssærdrag som er i slekt med kvarandre. Han samlar desse særdraga i grupper, og kvar gruppe representerer då eit karaktertrekk ("trait"). Men også desse gruppene ("the traits") kan hengja saman/vera meir eller mindre i slekt med kvarandre. Ved hjelp av visse statistiske utrekningar kjem Eysenck fram til dei basis-dimensjonane ("basic dimensions") som ligg bak nærskyldte knippe av karakter-trekk. Desse basis-dimensjonane kallar han *typar*. Eit viktig skilje dreg Eysenck i si teoribygging mellom *ekstroverte* og *introverte* mennesketypar, og mellom *stabile* og *ustabile* (jf. meir hjå Pervin 1993:283).

6.3 Personlegdommen som resultat av sosiale relasjonar

Ovanfor har eg helst referert til *personalistiske* forklaringar på handlingane våre (handlingane = resultat av eigenskapar hos personen). Ei anna forklaring er den *situasjonistiske* (situasjonen forklarar åtferda vår). Karl Halvor Teigen (1997:180) tek utgangspunkt i dette, og meiner at ei alternativ forklaring til begge desse to nemnde retningane er å gå ut frå at personlegdomseigenskapane utviklar seg fullt og heilt i *samspelet med det sosiale miljøet*. Eigenskapane våre er med andre ord tileigna eller lærte. Dette er noko som sosialpsykologane vil hevda med stor styrke. Her er det viktig å vera klar over at slik sosial læring kan ta mange forskjellige former. Den enklaste ser me døme på når barn tek over eigenskapar frå foreldre og andre pårørande gjennom oppdraginga (t.d. ved belønning og straff), imitasjon og modell-læring (jf. sosial lærings-teori).

1 Hans J. Eysenck blei fødd i Tyskland i 1916, men flykta på slutten av 1930-talet til England for å unngå naziforfølgning.

6.3.1 Danninga av "sjølvvet"

Sentralt i den personlegdomsutviklinga som sosialpsykologane skildrar, står "danninga av sjølvvet" ("the self"). Ifølgje Mead (1962:140) foregår oppbygginga av sjølvvet gjennom den *samhandlinga* som foregår mellom individet (*ego*) og ein eller fleire andre (*alter*). Når individet handlar, for eksempel seier noko, gjer eit handgrep, viser kjensler eller sender ut andre verbale eller ikkje-verbale signal, blir dette registrert (av ein person). Denne tolkar og vurderer det han/ho ser, høyrer og opplever. I denne tolkinga ligg grunnlaget for *eget* si vurdering av eiga åtferd. Slike vurderingar blir akkumulerte og inderleggjorde, og blir etter kvart med på å danna sjølvbiletet. Sjølvbiletet vårt blir såleis til ved at me ser oss sjølve i dei andre. Slik blir det sosiale nettverket også ein spegel: "Jeg speiler meg i samhandlingspartnerens reaksjoner på meg," seier Inge Bø (1993:194), og legg til: "Slik er både jeget (*ego*), selvbildet og personligheten bygd opp med basis i opplevelsen av ros og ris gitt av fellesskapet. Dette er sosialiseringprosessen i et nøtteskall." Inge Bø oppsummerer utviklinga av personlegdommen slik:

Etter dette blir det meste av hva vi lærer i barndommen, ja faktisk livet igjennom, en serie av innfløkte mellommenneskelige og kontekst-avhengige samhandlingar. Til syvende og sist er det dette som konstituerer det vi kaller "jeg" eller "personlighet" (Bø 1993:195).

Inge Bø meiner at til og med dei meir "stabile personlighetstrekk" er "historiske" i sin natur, dvs. eit resultat av akkumulerte lærings-erfaringar og samhandlingar i eit sosialt fellesskap. Han siterer Mead (1969:213), som seier: "A person is a personality because he takes over the institutions of that community into his own conduct."

Også antropologen Cato Wadel meiner at det me kallar for karakter-trekk er blitt til i samspel med andre menneske:

Folk flest (synes) å mene at om ikke egenskapene er medfødt, så er de i høy grad ervervet av individet selv. De fleste samfunnsforskerne vil understreke noe annet, nemlig at egenskaper er ervervet og vedlikeholdes i samhandling - i samarbeid såvel som i konflikt - med andre individer. Samfunnsforskerne vil også understreke at karaktertrekk ikke bør ses på som egenskaper ved et individ, men heller

som en betegnelse av hva som foregår mellom vedkommende og andre individer" (Wadel 1988:41).

7 Psykologiske teoriar og "type-inndelinga" i mitt prosjekt

Eg har i det føregåande lagt stor vekt på å visa korleis psykologane brukar teorien om karaktertrekk for å gje eit bilete av personlegdommen til eit menneske, og at det finst eit teorigrunnlag som gjer greie for korleis det er mogeleg å gruppera menneska i personlegdomstypar ut frå dei karaktertrekka dei har. Personlegdomstrekk kan, ifølgje personlegdomspsykologane, vera genetisk betinga eller dei kan bli forma i eit samspel mellom arv og miljø (danna i skjeringspunktet mellom biologiske disposisjonar og stimulering frå miljøet).

Me har òg sett at *sosialpsykologane* ser annleis på dette. Dei meiner at det me kallar karaktertrekk fullt og heilt blir til i samspel med andre menneske. Danninga av personlegdommen er for sosialpsykologane ein prosess, skapt gjennom sosiale relasjonar og kontekstar (jf. t.d. Bø 1993:196).

Slik eg ser det, er det grunn til å rekna med at *begge* dei to nemnde retningane har noko rett. Det er etter mitt syn ikkje noko i vegen for å sjå personlegdomstrekk våre som eit resultat av *både* (genetisk) nedarva særdrag og impulsar frå det sosiale miljøet rundt oss. Og det er nett på denne måten eg gjerne vil sjå opphavet til mine typar "homo staticus" og "homo dynamicus". Sjølvsaft må eg då gjera det klart at mitt operasjonelle omgrep "personlegdom" ikkje svarar til eit "omforent" omgrep *personlegdom* i psykologien.

Som konklusjon vil eg ta fram at ulike teoriar om opphavet til og danninga av personlegdommen vår ikkje er avgjerande for mi gruppering av informantane i Kvinesdal. Det viktigaste for meg å konstatera det psykologane trass alt synest å vera samde om, nemleg at ein kan snakka om ulike personlegdomstypar blant menneska. Eg vil hevda at det teorigrunnlaget personlegdoms-psykologane og sosialpsykologane har lagt fram, gjev eit greitt teoretisk fundament for mi type-gruppering i "homo staticus" og "homo dynamicus". Når det ifølgje psykologane er slik at me er ulike, og også representerer

ulike "typar", kvifor skulle ikkje dette også influera på dei språklege strategivala me gjer? Mi gransking og mi "typologisering" synest å stadfesta at det er ein slik samanheng mellom personlegdom og språkbruk. Eg viser her til presentasjonen av resultatane mine tidlegare i denne artikkelen.

Alt er ikkje sagt om dette emnet. Men eg trur at sosiolingvistikken i framtida vil prøva å gå djupare inn i kva det er som bestemmer dei språklege strategivala våre. "Språk og identitet" vil då framleis stå sentralt, slik me i dag tenkjer om dette tilhøvet. – Me veit at synet på kva som formar identiteten vår, er i stadig endring. Ikkje minst blir det viktig å sjå nærare på det me kan kalla *lokal identitet*. Men eg trur også at "personlegdommen" til den einskilde språkbrukaren vil koma meir i fokus når ein vil forklara språklege strategiar. Eg vonar at min analyse og mine "spekulasjonar" omkring dette temaet kan vera eit lite bidrag til vidare tenking i denne leia.

Litteratur

- Akselberg, G. 1995. Fenomenologisk dekonstruksjon av det labovmilroyske paradigmet i sosiolingvistikken. Ein analyse av sosiolingvistiske tilhøve i Voss kommune. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Andersson, R. 1987. Den svenska urbaniseringen. Kontekstualisering av begrepp och processer. Uppsala universitet: Uppsala.
- Auer, P./Barden B./Großkopf, B. 1997. Long-term linguistic accommodation and its sociolinguistic interpretation: Evidence from the inner-German migration after the Wende. Paper given on a workshop in Heidelberg, 30 October–1st November 1997.
- Boissevain, J. og Mitchell, J.C. (red.) 1973. Network Analysis. Studies in Human Interaction. Haag: Mouton.
- Bø, I. 1993: Folks sosiale landskaper. En innføring i sosiale nettverk. Oslo: Tano forlag.
- Eysenck, H.J. 1947. Dimensions of Personality. London: Routledge & Kegan Paul.
- Lewan, N. 1969. Hidden urbanization in Sweden. I: Tijdschrift voor Economische en Sociale Geographie 3/1969.
- Lindberg, G. (red.) 1971. Urbana processer. Studier i social ekologi. Lund: Gleerup.

- Maddi, S.R. 1996. *Personality theories. A comparative analysis*. California, USA: Brooks/Cole Publishing Company.
- Mead, G.H. [1934] 1962: *Mind, self and society from the standpoint of a social behaviorist*. Chicago: Chicago University Press.
- Mæhlum, B. 1992. *Dialektal sosialisering. En studie av barn og ungdoms språklige strategier i Longyearbyen på Svalbard. (Tromsø-studier i språkvitenskap 12.)* Oslo.
- Pahl, R.E. 1970. *Whose City?* London: Longman.
- Pervin, L.A. 1993. *Personality: Theory and research (6th ed.)*. New York: Wiley.
- Radtke, E. 1997. *The migration factor and the convergence and divergence of Southern Italian dialects*. Paper given on a workshop i Heidelberg, 30 October–1st November 1997.
- Rørhus, K. 1993: *Ungdom og idolpåvirkning. En teoretisk og empirisk studie av ungdoms forhold til idoler i massemediene*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Scotton, C.M. 1980. *Explaining Linguistic Choices as Identity Negotiations*. I: Giles, Robinson & Smith (red.): *Language. Social psychological perspectives*. 359–366. Oxford: Pergamon.
- Snyder, M. (1987). *Public Appearances/Private Realities. The Psychology of Self-Monitoring*. New York: W.H. Freeman Company.
- Teigen, Karl Halvor 1997: *Tilnærminger til forståelse av personligheten*. I: Svartdal, Frode (red.): *Psykologi. En introduksjon*. 174–191. Oslo: Ad notam Gyldendal.
- Thelander, M. 1985. *Från blåknut till brackknut. Om provinsiella drag i flyttares språk*. I: *Nysvenska studier* 1983:5–126 [prenta i 1985].
- Thun, H. (1996). *Movilidad demográfica y dimensión topodinámica. Los montevidianos en Rivera*. I: Radtke/Thun 1996: *Neue Wege der romanischen Geolinguistik. Akten des Symposiums zur empirischen Dialektologie*: 210–261. Heidelberg/Mainz 21th–4th October 1991.
- Vikør, L.S. 1999: *Austlandsmål i endring*. I: Kleiva m.fl. (red.) 1999: *Austlandsmål i endring*. 13–48. Oslo: Samlaget.
- Wadel, Cato 1988: *Den samfunnsvitenskapelige konstruksjon av virkeligheten*. Flekkefjord: Seek A/S.

Norske 'landsdelar' og norsk målføreinndeling – spesielt om Sørlandet og 'sørlandsk'¹

Av Arne Torp

0. Innleiing

I denne artikkelen vil eg problematisere forholdet mellom den geografiske inndelinga av Norge i landsdelar og den dialektologiske inndelinga i målføreområde. Som me skal sjå, er det her til dels godt samsvar og til dels store avvik, noko som kan forklarast ut frå det ulike grunnlaget for inndelingane: geografi og talemål. I kapittel 1 skal me sjå litt på inndelinga i landsdelar, som faktisk er meir mangfoldig enn i alle fall eg var klar over på førehand. I kapittel 2 går eg så inn på dei ulike målføreinndelingane, der eg vil

¹ Utgangspunktet for denne artikkelen var opphavleg arbeidet med ei populærvitenskapleg framstilling av dialekten i Gjerstad kommune, som ligg lengst aust i Aust-Agder (sjå Kjersti Vevstads bidrag i denne boka). Trass i at denne kommunen ligg i eit "sørlandsfylke" og trass i at målet her etter den gjengse dialektinndelinga også skal vere 'sørlandsk', så er det liten tvil om at talemålet her har svært få trekk som folk elles i landet forbind med begrepet sørlandsk.

Dette arbeidet førte til at eg begynte å gruble over forholdet mellom det dialektologiske begrepet *sørlandsk* og landsdelen *Sørlandet*, noko som i sin tur gjorde at artikkelen esa ut til å bli ei allmenn framstilling av forholdet mellom dialektar og landsdelar i heile landet. Dette er altså årsaka til – eller kanskje eg burde seie orsakinga for – at artikkelen har fått akkurat denne forma.

argumentere for ei dialektologisk todeling av landet som er heilt annleis enn ei geografisk todeling. I kapittel 3 vil eg drøfte spesielt den landsdelen som det siste hundreåret har vore kalla Sørlandet og undersøkje om det går an å argumentere for at sørlandsk bør vere eit eige målføreområde og korleis det i så fall bør avgrensast. Artikkelen blir avslutta med ein del spekulasjonar om den framtidige talemålsutviklinga i denne landsdelen.

1. Norske 'landsdelar' – to- eller tredeling kontra femdeling²

Norge er som kjent i utprega grad langstrakt i nord/sør-retning, og ei deling etter denne dimensjonen er derfor geografisk slett ikkje unaturleg. Den nordlegaste delen blir då rimeleg nok kalla Nord-

² Om ein går til ulike kjelder, kan ein finne fleire andre inndelingar av landet i regional eller landsdelar. Hos offentlege institusjonar har eg i alle fall funne fire andre inndelingar over fylkesnivå, i tillegg til den to-, tre- eller femdelinga som eg gjer greie for her, og som eg oppfattar som "standardinndelingane":

A. *Statistisk sentralbyrå bruker ei sjudeling for befolkningsstatistikk:*

1. Akershus/Oslo (Akershus og Oslo), 2. Hedmark/Oppland (Hedmark og Oppland), 3. Østlandet ellers (Buskerud, Vestfold og Telemark), 4. Agder/Rogaland (Agder-fylka, Rogaland), 5. Vestlandet (Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal), 6. Trøndelag (Trøndelags-fylka), 7. Nord-Norge (Nordland, Troms, Finnmark).

B. *Utlendingsdirektoratet har ei seksdeling for busetjingsregistrering av utlendingar:*

1. Region øst (Østfold, Vestfold, Akershus, Oslo), 2. Region indre Østland (Buskerud, Oppland, Hedmark), 3. Region sør (Agder-fylka og Telemark), 4. Region vest (Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane), 5. Region Midt-Norge (Trøndelags-fylka, Møre og Romsdal), 6. Nord-Norge (Nordland, Troms, Finnmark).

C. *Landbruksdepartementet bruker ei femdeling for landbruksteknisk registrering:*

Dei fem landsdelane svarar her til "standardinndelingane", med eitt unntak: I staden for Sørlandet opererer ein med Agder/Rogaland som eitt område (og Vestlandet blir dermed sjølvstøtt også mindre).

D. *Statistisk sentralbyrå bruker ei spesiell inndeling på fleire nivå for handelsstatistikk; jf. vedlagde kart + nærmare utgreiing nedanfor.*

Så vidt eg kjenner til, blir desse inndelingane lite eller ikkje brukte utanfor dei nemnde institusjonane.

Norge, og består av dei tre nordlegaste fylka. Når det gjeld resten av landet, finst det derimot fleire andre gjengse inndelingar.

For det første kan ein halde fram å dele inn berre etter nord-/sør-dimensjonen og kalle alt sør for Nordland for Sør-Norge. Kor offisiell denne inndelinga er, veit eg ikkje, men alle me som har drive med målføre ein del år, kjenner i alle fall godt den praktiske todelinga av norgeskartet (der elles heile Nord-Norge ofte blir utelate, fordi det er dialektologisk "uinteressant", dvs. utan geografisk variasjon).


Nord/sør-inndelinga kan også førast eit steg vidare ved at ein etablerer eit eige område *mellom* Nord- og Sør-Norge, som då naturleg kan kallast *Midt-Norge*. Terminologisk er dette sjølvsagt svært rimeleg; problemet er derimot å bestemme korleis dette området skal avgrensast geografisk. Det einaste som alle ser ut til å vere samde om, er at heile Trøndelag – altså både Nord- og Sør-Trøndelag – skal vere med i Midt-Norge. Derimot varierer det om noko av grannefylka Nordland og Møre og Romsdal blir rekna med i Midt-Norge og i tilfelle kor mykje som skal takast med.

Termen Midt-Norge som noko anna enn eit synonym for Trøndelag ser ut til å kunne gå tilbake på inndelinga i såkalla handelsområde, som Statistisk sentralbyrå etablerte for nærmare femti år sidan:

SSBs første standard for handelsområder ble fastlagt i 1956. I 1966 foretok SSB en omfattende revisjon av standarden for å tilpasse den til de endringene som hadde funnet sted i den innenlandske vareomsetningen og i bosettings- og kommunikasjonsforholdene. Handelsdistriktene ble bl.a. tilpasset fylkene og nye planleggingsregioner. Revisjonen resulterte i 4 handelsfelt, 23 handelsområder og 104 handelsdistrikter pluss Svalbard. Siden har det kun blitt utgitt reviderte utgaver der en har korrigert for endringer i kommuneinndelingen. (Longva & Tønder (red.) 1999:76).

Kartet på neste side viser den nåverande inndelinga i handelsområde. Som me ser, deler ein her inn landet i fire såkalla handelsfelt, der Midtre handelsfelt femner om Trøndelags-fylka + Nordmøre og Romsdalen og Helgeland til og med Rana.

Figur T. Handelsområder



Nå er nok likevel Midtre handelsfelt ikkje utan vidare det same som Midt-Norge. Den siste termen er dessutan ein god del nyare; truleg berre om lag tretti år gammal. Det eldste skriftlege belegget eg kjenner til, er frå *Romsdalsposten* nr. 60–1974, der det er snakk om planar om oljeboring “utenfor den midt-norske kyst”.³ Her bruker ein altså adjektivet *midtorsk*, men herifrå til substantivet *Midt-Norge* er ikkje steget langt, og to år etter dukkar då også dette ordet opp, denne gongen i *Sunnmørsposten* (nr. 205–1976), der det heiter at “Bjartmar Gjerde innleder om Midt-Norge og oljen” på ein konferanse i Kristiansund. Og dei som stod bak konferansen, var eit organ som kalla seg *Midtorsk oljeråd*.

Det kan dermed sjå ut som termen Midt-Norge kan ha eit dobbelt opphav: For det første i det nøyaktig definerte områdenamnet Midtre handelsfelt, og dernest som ein geografisk meir diffus term som dukka opp i samband med oljeutvinning nord for den 62. breiddegraden, som det gjerne heiter. Trass i at Midt-Norge altså knapt kan seiast å vere ein spesielt velavgrensa term, er han likevel mykje brukt i dag (jf. fotnote 4). Dette heng truleg til dels saman med at *Adresseavisen* i Trondheim i snart 30 år har brukt denne termen i si markedsføring av avisa, som nettopp har Midtre handelsfelt som sitt spreingsområde (opplyst på e-post av informasjonskonsulent Ann-Irene Enoksen i *Adresseavisen*). Dessutan finst det i dag også svært mange bedrifter og institusjonar som bruker *Midt-Norge* eller *midtorsk* som ein del av namnet sitt. Termen *Midt-Norge* må dermed seiast å vere veletablert i dag, og det er heller ingen tvil om at Trøndelag med Trondheim er sentrum i regionen; derimot kan den nøyaktige avgrensinga i ytterkantane som nemnt variere ein god del.

Dermed seier me oss ferdige med to- og tredelinga, der ein berre deler inn etter nord/sør-dimensjonen. Når ein tek i bruk alle himmelretningane, vil ein sjølvstund kunne få fire landsdelar med retningsordet (*nord/sør/aust/vest*) som føreledd og *-landet* eller *-Norge* som etterledd. Men dessutan er det her vanleg å operere med ein

³ Takk til Tor Guttu ved INL/AL, Universitetet i Oslo, som har hjelpt meg å finne desse skriftlege belegga.

femte landsdel i midten, men nå utan *midt-* som føreledd, nemleg den tradisjonelle nemninga Trøndelag.

I etterleddet av dei retningsavleidde landsdelsnamna er *-landet* det normale ved både Austlandet og Vestlandet, sjølv om ingen vel reagerer noko særleg på namn som Aust-Norge og Vest-Norge; men når dei ein gong imellom dukkar opp (sjå fotnote 4), blir dei vel helst berre oppfatta som litt sære synonym for Austlandet og Vestlandet. Ved retningsorda *nord* og *sør* er det derimot annleis: Her må ein seie *Sørlandet* dersom nemninga skal referere til femdelinga, for *Sør-Norge* hører heime i to- eller tredelingsystemet. I nord får me derimot terminologisk – og ofte også geografisk! – samanfall mellom to-, tre- og femdelinga; namnet på den nordlegaste landsdelen blir i alle fall Nord-Norge anten ein deler landet i to, tre eller fem.⁴

⁴ Dette er utan tvil grunnen til at termen Nord-Norge ser ut til å vere mykje meir i bruk enn Sør-Norge; då eg søkte på Internett med søkjemotoren Google og norsk som språk hausten 2000, fekk eg desse treffa på ulike landsdelsnamn, her ordna etter fallande frekvens:

Trøndelag: 53.900
 Nord-Norge: 25.300
 Vestlandet: 12.100
 Østlandet: 10.600
 (Austlandet: 431)
 Sørlandet: 7.900
 Midt-Norge: 7.090
 Sør-Norge: 5.890
 Øst-Norge: 795
 Vest-Norge: 768
 Syd-Norge: 140

Forma på sjølve landsnamnet fordelte seg elles med 364.000 på *Norge* og 19.100 for *Noreg*; dvs. 5,2 % for nynorskforma; men eg har ikkje søkt spesielt på samansetjingane med *-Noreg*.

Grunnen til at Trøndelag kjem heilt øvst, er sjølvsagt den at her får ein også med alle treff på *fylka* Nord- og Sør-Trøndelag, og dette talet er dermed altfor høgt dersom ein berre er ute etter Trøndelag som *landsdelsnamn*. Som venta er termane *Øst-* og *Vest-Norge* svært lite brukte i forhold til *Østlandet* og *Vestlandet*. Dette søket viser med andre ord at *Nord-Norge* er det langt mest brukte landsdelsnamnet.

Ei anna slags forvirring finn me ved innbyggjarnamna, der me naturleg nok har *-lending* ved alle landsdelane som endar på *-landet* (austlending, sørlending, vestlending), men dessutan blir folk frå heile Nord-Norge ofte kalla nordlendingar, og ikkje berre folk frå Nordland fylke, sjølv om folk frå Troms og Finnmark sjølvsgt også kan spesifiserast som tromsværingar og finnmarkingar. Termen *nordlending* blir altså brukt anten ein deler landet i to, tre eller fem, mens termene med etterleddet *-lending* berre høyrer heime i femdelinga innanfor Sør-Norge. Motstykket til *nordlending* om ein

Som ein liten kuriositet kan me leggje merke til at den konservative bokmålsforma *syd-* er litt, men svært lite brukt som førestaving i samansetjinga *Sør-Norge/Syd-Norge*, men aldri i *Sørlandet/*Sydlandet*; den siste forma ville jo automatisk gi innbyggjarnamnet *sydlending*, som er "oppteke" frå før, ikkje som namn på ein som bur på **Sydlandet*, men i *Syden*. Dette er sjølvsgt ogå forklaringa på at Vilhelm Krag ville ha namnet *Sørlandet*, for i andre tilfelle brukte han nok helst ordforma *syd*. Dette "problemet" har Krag sjølv forresten kommentert i den artikkelen frå 1902 der han lanserte begrepet *Sørlandet*: "Nogle unge Mennesker herfra har i den allersidste Tid forsøgt at kalde sig Sydlændinger; – men det Ord faar aldrig Hævd i Sproget, fordi det i forveien betegner noget ganske andet: Folk fra det sydlige Europa." (sitert etter Andreassen 1994:24).

Ordforma *Sydlandet* førekjem rett nok på norsk (9 treff på Google), men då tyder det alltid noko anna, t.d. Sør-Island eller den sørlege delen av det gamle Israel. I andre samansetjingar førekjem derimot førestavinga *syd-* ganske ofte: *Sydpolen*: 562, *Sørpolen* 75; *Syd-Amerika* 223, *Sør-Amerika* 3530; *Syd-Europa* 12, *Sør-Europa* 1090. Noka forklaring på desse store skilnadene i relativ frekvens mellom formene *syd-* og *sør-* i ulike samansetjingar har eg ikkje.

At forma *syd* likevel ikkje er heilt utenkjeleg som føreledd i namn som har å gjere med den sørlegaste landsdelen i Norge, oppdaga eg elles eit interessant døme på her om dagen i namnet *Sydspissen*, som er "en paraplyorganisasjon for en rekke bedriftsnettverk og organisasjoner" som har som "felles mål å profilere og utvikle Sørlandet som en kompetanse- og innovasjonsregion" (jf. bilag til Aftenposten 27.04.2001 og www.sydspissen.no). Dette står i stil med at eit av dei største kjøpesentra i landet – på Heimdal sør for Trondheim – heiter *City Syd*. I næringslivet er det altså berre forma *syd* som gjeld...

deler landet i to, er *søring*, som omfattar folk frå heile Sør-Norge, medrekna Trøndelag. Av naturlege grunnar er denne termen nok mest brukt i Nord-Norge.⁵

Om me set desse inndelingane inn i eit skjema, blir det slik:

todeling	Sør-Norge				Nord-Norge
treddeling	Sør-Norge		Midt-Norge		Nord-Norge
<i>innbyggjarnamn</i>	<i>søring</i>				<i>nordlending</i>
femdeling	Austlandet	Sørlandet	Vestlandet	Trøndelag	Nord-Norge
<i>innbyggjarnamn</i>	<i>austlending</i>	<i>sørlending</i>	<i>vestlending</i>	<i>trønder</i>	<i>nordlending</i>
område	Østfold, Akershus (m. Oslo) Hedmark, Oppland, Buskerud, Vestfold, Telemark	Aust-Agder, Vest-Agder ⁶	Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal ⁷	Sør-Trøndelag, Nord-Trøndelag	Nordland, Troms, Finnmark

Skjema 1. Norske landsdelar

Dette er den meir og mindre offisielle inndelinga, som ein m.a. finn i siste utgåve av Aschehoug og Gyldendals Store norske leksikon (1995-1998). Rett nok kan det vel variere i kva grad folk nær grensa

⁵ Ifølgje Nynorskordboka kan *søring* også bety "person som er sønnafrå" reint generelt, og dessutan "person frå Sunnhordland". Etter mi språkkjensle er det likevel den "nordnorske" tydinga "person frå Sør-Noreg" som er mest kjend i dag – også i Sør-Norge.

Noko eige innbyggjarnamn for folk frå Midt-Norge kjenner eg ikkje til, noko som sikkert heng saman med at heile omgrepet som nemnt er både nytt og til dels også diffust.

⁶ I pkt. 3.2 nedanfor blir denne avgrensinga drøfta nærmare.

⁷ Nynorskordboka har ei avgrensing av *Vestlandet* som utelet Nordmøre: "nemning på Sør-Noreg vest for hovudvasskiljet: Romsdal, Sunnmøre, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland (før også Agder)". Denne avgrensinga er tregleg i alle fall delvis dialektologisk motivert (jf. nedanfor pkt. 3.2).

mellom to landsdelar blir identifiserte med eller kjenner sjølve at dei hører heime i den landsdelen dei "etter kartet" skal høre heime i. Det gjeld nok t.d. eit område som Øvre Telemark, der dei fleste kanskje heller vil spesifisere og snakke om Telemark og telemarkingar enn om Austlandet og austlendingar. Nedre Telemark (Grenland) og folket der vil nok derimot i mykje større grad bli identifiserte med "hovudlandsdelen".

Dette betyr altså at det eksisterer ei slags oppfatning av kva som er *prototypisk* austlandsk, sørlandsk osv., og det som då i større eller mindre grad fell utanfor det prototypiske for ein bestemt landsdel, blir dermed problematisk å klassifisere. Det er heller ikkje sikkert at fylka i alle tilfelle er det mest relevante kriteriet for folks oppfatning av kor grensa mellom dei ymse landsdelane går (meir om dette seinare), men ettersom fylkesgrensene er det mest handgripelege og allment kjende administrative kriteriet om ein vil ha ei enkel og eintydig inndeling, finst det knapt noko alternativ.

2. Norsk målføreinndeling

2.1. Todeling eller firedeling?

At målføreinndelingar primært bør byggje på lingvistiske kriterium, kan knapt vere diskutabelt. Samtidig er det klart at ei målføreinndeling som berre byggjer på målmerke og ser heilt bort frå geografien, kan verke uheldig, dersom målmerka skaper ei inndeling som går heilt på tvers av den geografiske. At nettopp dette kan vere eit problem for todelinga av dialektane, skal me snart sjå; den dialektologiske todelinga er nemleg heilt annleis enn den geografiske. Derimot har den dialektologiske firedelinga svært mykje til felles med den geografiske femdelinga.

Dei to vanlegaste dialektinndelingane – todeling og firedeling – er viste i skjema 2. Todelinga går attende til Amund B. Larsen (1897), mens den første som gjekk inn for firedelinga, var Hallfrid Christiansen (1954). Begge desse gjekk inn for inndelingar baserte på meir enn eitt kriterium. Dersom ein då ikkje legg avgjerande vekt på eitt bestemt av desse, får ein sjølvsagt overgangssonar mellom dei ulike områda, fordi ikkje alle isoglossane følgjer kvarandre. Etter

kvart har det likevel blitt slik at dei som går inn for todeling, lar (refleksar av) den såkalla jamvektsregelen vere hovudkriteriet.⁸ Om ein gjer det, kan to- og firedelingane framstillast med denne geografiske avgrensinga:⁹

todeling	austnorsk		vestnorsk	
	austlandsk	trøndersk	vestlandsk	nordnorsk
firedeling				
område	= <i>Austlandet</i> (- litt av <i>Telemark</i>)	= <i>Trøndelag</i> + <i>Nordmøre</i>	= <i>Vestlandet</i> (<i>Nordmøre</i> + <i>Sørlandet</i> og litt av <i>Telemark</i>)	= <i>Nord-Norge</i> (stort sett)

Skjema 2. Norsk målføreindelning

Dersom me jamfører med landsdelane i skjema 1, ser me at todelinga er totalt forskjellig (jf. a og b), mens firedelinga i skjema 2 liknar på femdelinga i skjema 1, med eitt viktig unntak (jf. c):

- Todelinga er nord/sør i skjema 1, aust/vest i skjema 2.
- Vestnorsk* i målføreindelninga svarar til to *geografisk skilde* område.
- Sørlandet hører inn under vestlandsk/vestnorsk i målføreindelninga, fordi *sørlandsk* ikkje er noko eige målføreområde på øvste nivå i firedelinga i skjema 2 (dette skal me gå nærmare inn på i pkt. 3).

Innanfor den dialektologiske firedelinga ser me dessutan at austlandsk og trøndersk delvis, men ikkje heilt, svarar til landsdelane Austlandet og Trøndelag. Avvika kjem sjølvsagt av dei ulike kriteria

⁸ Dette ser også ut til å gjelde Hallfrid Christiansen, som trass i mange kriterium også har ei detaljert utgreiing om kor grensene går mellom dei fire områda hennar, og i praksis ser det ut til at det er ein noko pragmatisk tilpassa versjon av jamvektskriteriet som ligg til grunn (pragmatisk m.a. fordi ho ikkje tek omsyn til "unntaksområde" som Sør-Østfold (utan jamvekt) og Bardu/Målselv (tradisjonelt med); jf. Christiansen 1954:38f).

⁹ Legg merke til distinksjonen mellom *austnorsk/austlandsk* og *vestnorsk/-vestlandsk*, som altså ikkje har noko motsvar i dei geografiske terminologien.

som inndelingane byggjer på: Landsdelane baserer seg på administrative kriterium (stort sett fylka), mens målføreinndelingane er lingvistisk fundert – i hovudsak jamvektsregelen. Dersom dette målmerket er til stades, er målet austnorsk, dvs. austlandsk eller trøndersk; dermed kjem Nordmøre inn under trøndersk, trass i at det ikkje ligg i Trøndelag.

Grunnen til at mange har vore misnøgde med den dialekt-geografiske todelingane, er dels at det vestnorske området blir delt i to, men minst like mykje at nemningane svarar ekstremt dårleg til himmelretningane om ein ser heile landet under eitt. Som Hallfrid Christiansen har peika på, passar nemleg termene austnorsk og vestnorsk berre for landet sør for Trøndelag, om ein tek det geografiske innhaldet bokstaveleg (Christiansen 1954:31). Både ho og andre har derfor argumentert for at ei primær firedeling er meir rimeleg.¹⁰ Denne firedelingane svarar då også meir eller mindre nøyaktig til dei fire landsdelane ein hadde før diktaren Vilhelm Krag "fann opp" Sørlandet i 1902; før den tid rekna ein nemleg det noverande Sørlandet som ein del av Vestlandet; jf. at det heilt til ut i 1960-åra kom ut ei avis i Arendal som heitte *Vestlandske Tidende*.

Det er klart at ei målføreinndeling som lar eitt område (vestnorsk) bli delt i to av eit anna (austnorsk) er lite tilfredsstillande om ein ser reint geografisk på det. Denne ulempa unngår ein sjølvsagt om ein startar med ei *primær* firedeling. Likevel er ikkje todelingane så urimeleg som det kan sjå ut ved første augnekast: Om ein slår saman austlandsk og trøndersk, så får ein eitt samanhengande område – austnorsk – mens det som blir att vest og nord for dette området, er vestnorsk. Den siste termen er sjølvsagt *geografisk* svært lite

¹⁰ Dette gjeld m.a. Svein Lie (jf. Lie 1985:1–11). Han nemner også (1985:7f) at ei primær *femdeling* kunne vere aktuell som alternativ til todelingane, ettersom mange av dei som elles går inn for todelingane, deretter deler vestnorsk i to (vestlandsk og nordnorsk) og austnorsk i *tre* likeverdige område, nemleg midlandsk i tillegg til austlandsk og trønd(er)sk (jf. t.d. Bjørkum 1970:68–69). Så vidt eg kjenner til, er det likevel ingen som har gått inn for ei *primær* femdeling (altså heller ikkje Lie); femdelingane dukkar eventuelt først opp på neste nivå i ei primær todeling. Ei dialektologisk femdeling vil i alle fall ikkje i noko tilfelle svare til den geografiske femdelingane (med Sørlandet som den femte landsdelen).

tilfredsstillande som nemning for nordnorsk, og dette er også ein av grunnane til at mange ikkje er særleg glade i todelinga.

På den andre sida er det faktisk ganske gode *dialektologiske* argument nettopp for ei slik geografisk urimeleg todeling. At det er slik, kan ein sjå jamvel av argumentasjonen hos folk som går inn for firedelinga, slik Ernst Håkon Jahr gjer i *Den store dialektboka* (Jahr 1990:10): I denne populære framstillinga argumenterer han fornuftig nok for å leggje stor vekt på prosodiske målmerke:

Folk bygger mye på trykk, tone og setningsmelodi når de sier: "Jeg hører på dialekten at du er østlending (eller vestlending, trønder, nordlending)." Det er sangen i målet som da blir identifisert som dialekten. (Jahr 1990:10)

36 år tidlegare konstaterte Hallfrid Christiansen ("firedelings mor", jf. ovanfor) det same:

«Talemusikken er det kriterium som lettest faller i ørene på legfolk. Enhver kan kjenne en trønder, en nordlending, en østlending eller en vestlending på vedkommendes talemusikk. Dette er også det målmerke, som er vanskeligst å legge bort for de fleste mennesker.» (Christiansen 1954:35)

Uttrykt med lingvistiske fagtermar seier Jahr her at prosodiske målmerke er dei mest *saliente* på norsk. Adjektivet *salient* siktar til dei målmerka som folk helst festar seg ved når dei hører ein bestemt varietet (jf. Auer & al. 1998). For min del er eg heilt samd med Jahr i denne vurderinga; og eg trur også at dei fleste spora av jamvektsregelen er heller lite saliente, kanskje med unntak av utprega jåmningsformer av typen *våttå*, *vukku*, *hosso* osv.

Men om ein tek Jahrs prosodiske karakteristikkk av dei fire hovudområda bokstavig, kjem ein faktisk attende til todelinga austnorsk/vestnorsk: Etter hans – og andres – meining har nemleg austnorsk og trøndersk viktige prosodiske trekk sams, nemleg såkalla lågtone og trykkforskyving mot venstre med tonemskifte i verbalgrupper som *gå-ut* og *ta-opp*, og i framandord som *stasjon* og *billett*, mens vestnorsk og nordnorsk har høgtone og ikkje

trykkforskyving (jf. Jahr 1990:10).¹¹ Kva som skil austnorsk frå trøndersk og vestnorsk frå nordnorsk når det gjeld prosodien, seier Jahr derimot ingenting om. Men både Jahr og eg – og alle andre! – hører sjølvsagt at det også finst prosodiske skilnader mellom desse undergruppene; me har berre ikkje ord for å *beskrive* det me hører.¹² Ein nærmare karakteristikkk av det som skil søraustnorsk og trøndersk prosodi kan ein derimot finne i arbeid av Randi Alice Nilsen; jf. Nilsen 1992 (kap. 3) og Nilsen 2000.

På den andre sida er det faktisk slik at det er lettare å finne enkle kriterium som deler austnorsk i austlandsk og trøndersk (nemleg apokope – "å *bite*" kontra "å *bit*") enn det er å finne kriterium for å sortere vestnorsk i vestlandsk og nordnorsk – her må ein eventuelt basere seg på knippe av målmerke. Dei to geografisk *skilde* delane av vestnorsk er altså vanskelegare å skilje eintydig frå kvarandre språkleg enn det er å dele opp det geografisk *samanhengande* austnorske området.

¹¹ I termen "trykkforskyving" ligg det sjølvsagt implisitt ei oppfatning av at dette er ein innovasjon. Dette er også synet hos t.d. Martin Kloster Jensen, som skriv slik om dette fenomenet:

Et interessant problem i aksentlæren byr det fenomen at vi i østnorsk får aks. 2 ved trykkforskyving i fremmedord: a¹vis blir til ²avis, tele¹fon blir til ²telefon. En verbalform med trykksterkt adverb etter (ta med, gå hjem, kom fram, sitter på, har solgt ut) får selv trykket, så adverbet blir trykksvakt; og dermed får hele uttrykket aks. 2 (²ta med, ²sitter på, du ²skal ikke ²bry deg om det osv.). (Jensen 1964:74)

Omgrepa høgtone (H) og lågtone (L) er definerte slik i Fretheim & Nilsen 1989:442:

An H-dialect is a dialect exhibiting a pitch peak at the point in the tonal foot, where it is possible to discriminate the two pitch accents, accent 1 and 2.

An L-dialect is a dialect exhibiting a pitch trough at the point in the tonal foot, where it is possible to discriminate the two pitch accents, accent 1 and 2.

¹² Det gjeld t.d. også Hallfrid Christiansen, som konstaterer at Trøndelag har lågtone som Austlandet og Nord-Norge høgtone som Vestlandet, men legg så til i parentes: "men talemusikk forskjellig fra østnorsk" resp. "vestnorsk" [= austlandsk resp. vestlandsk]. (Christiansen 1954: 39 resp. 41).

Etter mitt syn er det altså todelinga austnorsk/vestnorsk som er lettast å motivere ut frå reint lingvistiske kriterium, og det gjeld både dersom ein vel å basere seg på det tradisjonelle målmerket jamvekt, eller eit knippe av prosodiske kriterium (jf. t.d. Jahr 1990:10). Dette skal me sjå nærmare på i det neste avsnittet, der eg vil argumentere for ei inndeling basert på det eg vil kalle prototypiske austnorske og ditto vestnorske målmerke, og der alle norske målføre ideelt sett skal kunne plasserast på ein skala frå prototypisk austnorsk til ditto vestnorsk.

Eg går altså inn for ei inndeling utan faste grenser, men med kjerneområde og overgangssonar. I kjerneområda finn ein alle eller mest alle dei prototypiske målmerka for det aktuelle området, mens dette ikkje er tilfellet i same grad i overgangssonane.

2.2. Prototypiske austnorske og ditto vestnorske målmerke

Det som følgjer her, er for det meste ei liste over målmerke som dialektologane er meir eller mindre samde om er karakteristiske for austnorsk respektive vestnorsk. Eg nemner dei derfor stort sett berre stikkordsmessig og utan litteraturtilvisingar eller nærmare drøfting (med unntak av målmerke 6, 7.c og 8.b).

AUSTNORSK	VESTNORSK
1. lågtone	1. høgtone
2. trykkforskyving mot venstre i verbalgrupper og framandord	2. inga trykkforskyving
3. a. spor av jamvekt 3. b. + jamning	3.a. ingen spor av jamvekt 3.b. + ingen reduksjon av trykklett <i>-a</i>
4. forlenging av <i>konsonanten</i> i gamle kortstavingsord	4. forlenging av <i>vokalen</i> i gamle kortstavingsord
5. refleksar av gamle lange og korte vokalar har <i>ikkje</i> skapt nye vokalar/diftongar	5. refleksar av gamle lange og korte vokalar har <i>ofte</i> skapt nye vokalar/diftongar
6. klitisert <i>han > n</i>	6. klitisert <i>han > an</i> ¹³
7.a. tjukk l 7. b. + retrofleksar	7.a. Ikkje tjukk l 7.b. ingen retrofleksar 7.c. + skarre- <i>r</i>
8.a. assimilasjon av mange konsonantsamband (<i>mb > mm</i> , <i>ɲg > ɲɲ</i> , <i>nd > nn</i> , <i>ld > ll</i> , <i>m > nn</i>)	8.a. lite assimilasjon av konsonantsamband 8.b. ev. dissimilasjon/segmentasjon (<i>r/l/ll > dl</i> , <i>m/nn > dn</i>)

Skjema 3. Austnorske og vestnorske målmerke

Eg har altså berre teke med fonologiske målmerke, og alle saman er dessutan diakront motiverte (innovasjon/bevaring). Heilskapsinntrykket blir då at austnorsk er eit innovasjonsområde i forhold til vestnorsk, noko som heller ikkje er noka stor nyheit; Helge Sandøy meiner t.d. at det han kallar det *sentralskandinaviske* området, som

¹³ Dette er eit målmerke Hallfrid Christiansen meiner "hittil har vært for lite påaktet som dialektkriterium" (Christiansen 1954:36), og eg er sterkt tilbøyeleg til å vere samd med henne. Ho dreg dette målmerket inn i ein argumentasjon for firedeling av dialektane, men etter mitt syn passar det mykje betre som argument for todelinga, i alle fall om ein held seg til klitisering av pronomenet *han*, og ikkje dreg inn den bestemte artikkelen *-en*, der biletet truleg er atskillig meir ugreitt (jf. Lie 1984; særleg kart s. 154–157).

her i landet fell saman med det austnorske området, er "det mest aktive spreingsområdet" i Skandinavia (Sandøy 1996:155).¹⁴

Eit par tilfelle der det kan sjå ut som berre vestnorsk har innover, er 7.c (skarre-*r*) og 8.b (differensiasjon/segmentasjon). Som kjent er det her tale om innovasjonar av svært ulik alder, ettersom skarringa truleg starta for mindre enn to hundre år sidan, mens dei andre endringane i alle fall går attende til mellomalderen.¹⁵

¹⁴ Etter mitt syn er dette diskutabelt; eg meiner i alle fall at *sørskandinavisk* (dvs. dansk) totalt sett har langt fleire innovasjonar enn nokon del av nordskandinavisk (dvs. svensk og norsk, jf. Torp 1983). Men dersom Sandøy med formuleringa "det mest aktive spreingsområdet" siktar til at dei sentralskandinaviske innovasjonane har spreidd seg til eit større geografisk område enn dei sørskandinaviske, har han sikkert rett; for dei sørskandinaviske innovasjonane har berre i liten grad slått gjennom utanfor Danmark (jf. pkt. 3.4 nedanfor).

¹⁵ Det at både desse innovasjonane og tendensen til å skilje gamle lange og korte vokalar kvalitativt (jf. målmerke nr. 5) er felles innovasjonar ikkje berre for store delar av Vestlandet, men også for Island og Færøyane, kan saktens få ein til å lure på om dette er urgamle felles "vestnordiske" innovasjonar, eller om det er resultat av seinare språkkontakt. For nærmare drøfting av dette spørsmålet sjå Sandøy 1994 og Torp 1998:52.

2.3. Nordnorsk mellom austnorsk og vestnorsk

Prøver me å plassere nordnorsken inn i dette skjemaet, blir resultatet slik:

AUSTNORSK	VESTNORSK
	1. høgtone
	2. inga trykkforskyving
	3.a. ingen spor av jamvekt (3.b. + ingen reduksjon av trykklett -a) ¹⁶
4. forlenging av konsonanten i gamle kortstavingsord	
5. refleksar av gamle lange og korte vokalar har <i>ikkje</i> skapt nye vokalar/diftongar	
	6. klitisert <i>han > an</i>
7.a. tjukk l (<i>det meste av Nordland</i>) 7 b. + retrofleksar ¹⁷	7.a. Ikkje tjukk l (<i>resten av Nordland + Troms og Finnmark</i>)
8.a. assimilasjon av mange konsonantsamband (<i>mb>mm, ŋg>ŋg, nd>nn, ld>ll, rn>nn</i>)	

Skejma 4. Nordnorske målmerke i ei todeling av norske dialektar

Her får me altså ei blanding av vestnorske og austnorske målmerke, slik alle tilhengjarar av todelinga også er einige om at det bør vere, men likevel med ei overvekt for vestnorsk (4 vestnorske målmerke mot 3 austnorske + eitt tvitydig; begge dei to første, som etter mitt syn også er dei mest saliente (fordi dei gjeld prosodien), er dessutan vestnorske).

¹⁶ Som kjent har nordnorsk til dels såkalla *-e/-a-mål*, der altså svake hokjønnsord endar på *-a*; jf. Jahr & Skare 1996:54 og 70.

¹⁷ Retrofleksar nord for tjukk l-området er truleg eit nokså nytt fenomen; jf. Bull 1996:199 (note 8).

Me legg elles merke til at nordnorsk ikkje har både prototypisk austnorsk og vestnorsk utgåve av eitt og same målmerke, med unntak av tjukk *l* (7.a). Dette tyder på at nordnorsken trass alt er relativt einskapleg, noko som vel også svarar bra til vanlege folks oppfatning.

Men me legg også merke til noko meir: I alle fall ved dei tri første målmerka er det rimeleg å sjå den austnorske utviklinga som ein innovasjon i forhold til den vestnorske. Her ser me altså at nordnorsk følgjer vestlandsk, med andre ord ingen spor av dei austnorske særutviklingane. Men om me går til det punktet der vestlandsk ten til dels har særmerkte innovasjonar, nemleg 8.b (jf. sørvestnorske former som *kadla* og *hodn*), så ser me at nordnorsken her i staden har assimilasjon og palatalisering, som er innovasjonar med vid utbreiing både i aust- og vestnorsk og i andre delar av skandinavisk. Derimot kan eg ikkje komme på eit einaste viktig særmerke som *berre* finst i nordnorsk – dei nordnorske målmerka er anten arkaismar eller innovasjonar som gjerne finst innanfor delar av både aust- og vestnorsk (t.d. palatalisering av dorsale og apikale konsonantar). Med ei grov pedagogisk forenkling kan me dermed slagordsmessig seie at det som særmerkjer nordnorsken, er *mangelen* på særmerke!

Som me skal sjå seinare, er alt dette heilt annleis i den mål-gruppa me kjem til i pkt. 3.1 – der er det liten indre einskap, men til gjengjeld flust med karakteristiske særutviklingar i ymse delar av området.

2.4. *Historisk tolking av den dialektgeografiske todelinga*

Reint geografisk verkar sjølvsagt todelinga austnorsk/vestnorsk ganske merkverdig, spesielt om me tek nemningane bokstavleg. Men om ein frigjer seg frå innhaldet i desse merkelappane og ser meir på kva ei slik inndeling kan fortelje om levevilkår og kommunikasjonsmønster i farne tider, så stig det fram eit bilete som slett ikkje er så urimeleg. Om ein legg vekt på natur og levevilkår, ser ein nemleg at austnorsk langt på veg blir det same som "innlandsnorsk" og vestnorsk blir "kystnorsk". Naturforholda på Austlandet og i Trøndelag ligg som kjent langt betre til rette for jordbruk enn på Vestlandet og i Nord-Norge, der fisket til gjengjeld alltid har spela ei

heilt sentral rolle. Og nettopp fiskeria og anna sjørelatert verksemd har gjort mykje til at desse to landsdelane i alle tider har hatt mykje kontakt, som for ein stor del har gått utanom det meir jordbruks- og innlandsorienterte Trøndelag – berre tenk på den gamle bergenshandelen frå Nord-Norge og dei store sesongfiskeria som har samla folk frå heile Vestlandet og Nord-Norge. Vestlandet og Nord-Norge har altså vore *bundne saman* sjøvegen – som for ein stor del har gått *utanom* Trøndelag.

Den mest bastante kommunikasjonsbarrieren her i landet har derimot til alle tider vore *fjell*, og då sjølvsagt aller mest dei høgaste og mest uoverstigelege, med andre ord Langfjella, for å bruke det tradisjonelle samlenamnet for fjellrekkja mellom Aust- og Vestlandet. Rett nok er Trøndelag og Austlandet også skilde av fjell, men trafikken over Dovre har truleg alltid vore livlegare enn over Langfjella (jf. t.d. pilegrimsleia til Nidaros), og derfor er også skiljet mellom austlandsk og vestlandsk vesentleg skarpare og meir grunnleggjande enn skiljet mellom austlandsk og trønderisk.

Før me gjer oss ferdige med todelinga av dei norske dialektane skal me sjå endå ein gong på dei prototypiske austnorske og vestnorske målmerka i skjema 3. I det førre punktet konstaterte me at heile Nord-Norge nærmast kan reknast som eit slags overgangs-område mellom austnorsk og vestnorsk (og sjølvsagt mest i sør – nærmast grensa mot Trøndelag; jf. den tjukke *l-en*). Men kor finn ein *kjerneområda* – kor finn me dei dialektane der *alle* dei utvalde målmerka peikar i same lei?

Innanfor austnorsk vil eg rekne Inntrøndelag/Nord-Østerdalen som eit slikt kjerneområde, med Sørvestlandet som eit vestnorsk motstykke på hi sida av fjella. Desse to kjerneområda er heller ikkje uventa ut frå geografien; Inntrøndelag og Østerdalen ligg nær det me må kunne anta har vore "episentret" for dei sentralskandinaviske innovasjonsbølgjene, mens Sørvestlandet ligg maksimalt "verna" mot bølgjer frå nordaust bak Langfjella.

Dermed har me diskutert det nordlege austnorsk/vestnorske grenseområdet – nordnorsken – og peika ut dei austnorske og vestnorske kjerneområda. Nå vender me blikket mot det *sørlege* grenseområdet - mot Agder eller *Sørlandet*.

3. Sørlandet og 'sørlandsken'

3.1. *Sørlandsk = sørlege e-mål?*

Som nemnt er Sørlandet som namn og som eigen landsdel mindre enn hundre år gammalt – på 1800-talet blei Agderfylka alltid rekna som ein del av Vestlandet. Som me har sett i pkt. 2, blir dette området dialektgeografisk framleis klassifisert som ein del av vestnorsk (i todelinga) og vestlandsk (i firedelinga), noko som gir seg sjølv ut frå det hovudkriteriet dei fleste legg til grunn, nemleg jamvekta. Sørlandsk som eige målføreområde dukkar dermed først opp på eit lågare nivå i inndelings-hierarkiet, og då som regel definert som "sørlege e-mål", der *e-mål* representerer det lingvistiske elementet i definisjonen (alle infinitivar og svake hokjønnsord endar på *-e*) og *sørleg* det geografiske (nordlege *e-mål* = nordvestlandsk).

Denne definisjonen er lingvistisk sett sjølv sagt grei nok; det er ikkje noko problem for dialektologar å lage ein eintydig klassifikasjon ut frå eit slikt kriterium. Problemet ligg etter mitt syn ein annan stad: Når me lagar målføreinndelingar, vil me gjerne at folk skal "kjenne seg att" i klassifikasjonen; me vil gjerne at dei områda me etablerer, skal vere slik at også "vanlege folk" hører at noko er trøndersk, vestlandsk osv. Dette vil me normalt berre kunne oppnå dersom me baserer inndelinga vår på såkalla *saliente* målmerke, slik me har vore inne på tidlegare.

Nå har me rett nok også sett at det er problematisk å finne eintydige språklege kriterium for å skilje mellom vestlandsk og nordnorsk, og i pkt. 2.3 blei nordnorsk framstilt som ei blanding av prototypiske aust- og vestnorske målmerke. Med unntak av tjukk *l* (pkt. 7.a) var det likevel ingen tilfelle av at det same målmerket fanst i både aust- og vestnorsk form innanfor målføregruppa nordnorsk. Med sørlege *e-mål* er det atskillig verre. Ein ting er det at dersom ein tek definisjonen heilt bokstavleg, blir området usammanhengande reint geografisk, for Søre Østfold har som kjent også *e-mål*. Men jamvel om ein ser bort frå området aust for Oslofjorden, er det meir enn nok språkleg variasjon i det som er att på vestsida: Det er mykje som skil talemålet t.d. i Grenland og i øvre Setesdal, men likevel er det sørleg *e-mål* i begge områda. Dersom me bruker skjemaet for

typisk aust- og vestnorske målmerke på dei sørlege *e*-måla, får me dette resultatet (områdenamna er berre meinte som antydningar, ikkje presise avgrensingar):

AUSTNORSK	VESTNORSK
1. lågtone (<i>Telemark + Aust-Agder</i>)	1. høgtone (<i>Vest-Agder</i>)
2. trykkforskyving mot venstre i verbalgrupper (<i>Grenland</i>)	2. inga trykkforskyving (<i>resten</i>)
	3.a. ingen spor av jamvekt 3.b. + reduksjon av trykklett <i>a > e</i>
4. forlenging av konsonanten i gamle kortstavingsord (<i>kystmåla</i>)	4. forlenging av vokalen i gamle kortstavingsord (<i>innlandsmåla</i>)
5. refleksar av gamle lange og korte vokalar har <i>ikkje</i> skapt nye vokalar/diftongar (<i>kystmåla</i>)	5. refleksar av gamle lange og korte vokalar har <i>ofte</i> skapt nye vokalar/diftongar (<i>Indre Aust-Agder</i>)
6. klitisert <i>han > n</i> (<i>Grenland</i>)	6. klitisert <i>han > an</i> (<i>resten</i>)
7.a. tjukk <i>l</i> (<i>nord aust</i>) 7.b. + retrofleksar (<i>nord aust</i>)	7.a. Ikkje tjukk <i>l</i> (<i>resten</i>) 7.b. ingen retrofleksar (<i>resten</i>) 7.c. + skarre- <i>r</i> (<i>kystmåla bortsett frå i nord aust</i>)
8.a. assimilasjon av mange konsonantsamband (<i>mb > mm, ŋg > ŋ ŋ nd > nn, ld > ll, rn > nn</i>) (<i>kystmåla</i>)	8.a. lite assimilasjon av konsonantsamband (<i>innlandsbygdene</i>)

Skjema 5. Målmerke for sørlege *e*-mål

Som me ser, er dette eit fullstendig håplaut skjema om ein ønskjer noko i nærleiken av ei eintydig plassering på skalaen austnorsk/ vestnorsk – her er jo nærmast fullt hus med både aust- og vestnorske målmerke. Reint bortsett frå at nordnorsk utgjer eit eige område geografisk, er det altså dessutan tydeleg at det store nordnorske området er langt meir einskapleg i språkleg forstand enn det vesle sørlege *e*-måls-området. Dette stemmer også med folks naturlege

språkkjensle – folk frå heile Nord-Norge blir straks identifiserte språkleg som nordlendingar; derimot har eg ennå til gode å høre noko normalt menneske seie om ein person at han snakka sørleg e-mål – eller om ein setesdøl at han snakka sørlandsk!

Konklusjonen så langt bør derfor etter mitt syn bli den at dersom me vil at det dialektologiske begrepet sørlandsk skal ha eit *salient* innhald, dvs. bety noko som folk lett kan kjenne att når dei hører det, så er sørleg *e*-mål totalt ubrukande som avgrensing. Folk har nemleg ei slags oppfatning om kva som er 'sørlandsk' i dialektologisk forstand, men det er slett ikkje det same som sørlege *e*-mål. Men før me går inn på det spørsmålet, bør me sjå litt nærmare på korleis *landsdelen* Sørlandet har vore avgrensa i dei hundre åra dette begrepet har eksistert.

3.2. *Landsdelen Sørlandet – kort historisk oversyn*

Som nemnt er det diktaren Vilhem Krag som har lansert namnet Sørlandet. Dette skjedde i ein artikkel i Morgenbladet 16. mars 1902, der han rett nok ikkje sa eksplisitt kva han la i dette omgrepet. Den som har arbeidd mest for å avklare spørsmålet om kva begrepet Sørlandet skal (og bør!) bety, er utan tvil kultursekretær Jostein Andreassen frå Søgne ved Kristiansand, som har samla og kommentert i ei bok på over 200 sider det meste av det som har vore skrive om dette temaet (Andreassen 1994). Andreassen meiner å kunne påvise at Krag opphavleg tenkte seg at nemninga *Sørlandet* skulle femne om det same området som dei seinare to Agder-fylka (før 1918 *Lister og Mandals amt* og *Nedenes amt*). I ein artikkel i 1903 – altså året etter lanseringa – skriv han t.d. slik:

Sørlandet falder i tre forskjellige Dele, som hver har sit Særpreg og sine Eiendommeligheder. Tre Kultursamfund grændser opimod hinanden: Skjærgaarden, Byen og Fjeldbygden. (Sitert etter Andreassen 1994:29)

Her er det altså tydeleg at Krag tenkjer både på kystbygdene og innlandet. Men i andre samanhengar – og ikkje minst når han kjem inn på språket – ser det ut som han først og fremst tenkjer på kystbygdene. Det er nemleg to målmerke som han stadig vekk nemner i samband med Sørlandet, og det er skarre-*r* og "blaute"

konsonantar,¹⁸ og begge desse målmerka finst som kjent berre i kystbygdene – spesielt i Aust-Agder. Derimot finst dei også i det meste av Rogaland. Dette – i tillegg til at Krag sjølv var frå Kristiansand og gjerne brukte kystmiljø i bøkene sine – har nok vore med og skapt eit inntrykk av at Sørlandet først og fremst er *kystdistriktet* i Agderfylka, og dette inntrykket blei seinare bekrefta og forsterka av andre, ikkje minst diktarkollegaen Gabriel Scott, som m.a. i ein artikkel i 1936 avgrensa "det egentlige Sørland" til å vere "kyststrimmelen mellem Flekkefjord og Tvedestrand, eller for å være helt nøiaktig, mellem Åna-Sira i vest og Oksefjorden i øst" (sitert etter Andreassen 1994:101).

Denne oppfatninga av at Sørlandet "eigentleg" berre er kystområda, skriv seg altså ikkje først og fremst frå Krag sjølv. På den andre sida kan ein heller ikkje seie at Krag er utan skuld i at Sørlandsbegrepet er blitt heller mangtydig. I debatten om kva jernbanestrekninga frå Kongsberg til Stavanger skulle heite, gjekk nemleg Krag sterkt *mot* namnet Vestlandsbanen (som til då hadde vore bruktt) og tilsvarende sterkt inn for *Sørlandsbanen*, som han i ein artikkel i 1910 hevda "fra sin første til sin siste Station løber over Sørlandets Jord..." (Andreassen 1994:134).

Det finst altså minst tre nokså ulike oppfatningar av kva for område som bør kallast Sørlandet:

- a. Den trongaste: Kystbygdene i Aust- og Vest-Agder (jf. Gabriel Scotts definisjon frå 1936).
- b. Den vidaste: Heile den sørlege delen av landet frå Kongsberg i aust til Stavanger i vest (jf. Krag's agitasjon for namnet Sørlandsbanen i 1910). Ei så romsleg avgrensing nordaustover – altså innover landet i den austlege delen – er det knapt mange andre som har operert med.

¹⁸ Skarre-*r*-en alluderer han faktisk indirekte til alt i den såkalla dåpsartikkelen frå 1902, der han skriv om "østlandske Doktorer og Officerer" som "bander og ruller paa r'rne" (Andreassen 1994:23), mens han i debatten omkring rettskrivingsreforma i 1907 talar varmt om kor godt dei mjuke konsonantane høver med talemålet sørpå (Andreassen 1994:86–93).

Derimot finst det ei "skjergardsutgåve" av denne vide definisjonen, der ein reknar heile det austafjelske "båtferieområdet" på vestsida av Oslofjorden til Sørlandet. Ei slik avgrensing finn me t.d. i heftet *Sørlandet* frå 1977 (Mittet & Co A/S):

Kyststrekningen fra Ferder fyr til Lindesnes blir vanligvis kalt Sørlandet, og dette hefte viser et utvalg bilder fra denne del av landet. Det er et populært ferieområde for mange nordmenn fra tettbebyggelsene rundt Oslofjorden (Sitert etter Andreassen 1994:114).

c. Den enklaste (eller byråkratiske): Aust- og Vest-Agder

Ettersom både a og b er såpass diffuse, er det fleire som meiner at c er den einaste som kan konkretiserast slik at ingen treng vere i tvil om omfanget, og i den grad det finst ei offisiell "korrekt" tolking i dag, så er det denne; t.d. dekkjer NRK-Sørlandssendinga dei to Agder-fylka. I 1998-utgåva av *Aschehoug og Gyldendals store norske leksikon* blir Sørlandet definert slik:

Sørlandet, den sørligste av våre landsdeler, omfatter de to Agderfylkene[...]. Opprinnelig ble navnet i første rekke benyttet om kyststripen i Aust- og Vest-Agder, ofte også inkludert Kragerø-distriktet i Telemark fylke; i dag brukes det vanligvis om Aust- og Vest-Agder som helhet. (Bind 14:231)

Som me ser, er det her c-tolkinga som blir framstilt som den någjeldande ("i dag", "vanligvis"), og det stemmer nok.¹⁹

I 1972 var derimot den tilsvarande artikkelen i *Aschehougs konversasjonsleksikon* slik:

Sørlandet, oppr. navn på kyststripen mellom Åna-Sira i v. og Oksfjorden [sic] ved Tvedestrand i ø., foreslått av Vilhelm Krag 1902 i en artikkel i "Morgenbladet". S. faller sammen med dialektskillet for

¹⁹ Derimot er det ikkje rett at Krag "opprinnelig" berre tenkte på "kyststripen i Aust- og Vest-Agder" (sjå sitat ovanfor under dette punktet); denne tolkinga kjem først seinare og skriv seg nok mest frå andre enn Krag sjølv.

den skarrende *r* mot *ø*. og for de bløte konsonanter innover i landet; dvs. 40-50 km fra kysten (se Sørlandsk). Etter hvert som navnet har fått hevd, brukes det om hele kyststripen i V.- og Aust-Agder fylker. Enkelte regner også Kragerø-distriktet med til S., og navnet blir ikke sjelden brukt som landsdelsnavn for de to Agder-fylkene i sin helhet som motstykke til Østlandet og Vestlandet. [...]

Her ser me altså mykje tydelegare nedslag av *a* (Gabriel Scotts versjon), men *c* blir også nemnt ("ikke sjelden brukt"). I denne leksikonutgåva (Aschehoug 1972) finn me faktisk også spor av tolking *b* (den vidaste), men då under ein annan artikkel:

Vestlandet er det vanlige fellesnavn på Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal fylker. Agderfylkene ble tidl. regnet med til V., men kalles nå gjerne Sørlandet (s.d.). Sistnevnte har man, vesentlig etter språklige kjennemerker, villet utstrekke til også å omfatte den sørligste del av Rogaland fylke med Stavanger by. Etter samme kriterier hører Nordmøre nærmere til Trøndelag enn til V. [...]

Her ser me altså at dialekten er dregen inn som eit viktig kjennermerke for å avgrense Vestlandet både i sør (mot Sørlandet) og nord (mot Trøndelag). Og grunnen til å utvide Sørlandet heilt til og med Stavanger "vesentlig etter språklige kjennemerker" kan vel knapt vere noko anna enn dei blaute konsonantane.

Dermed seier me oss ferdige med å avgrense *landsdelen* Sørlandet – klarare kan det knapt bli pr. i dag.

3.3. *Det prototypisk sørlandske – finst det?*

I pkt. 3.1 tok eg livet av sørlege *e*-mål som ei rimeleg dialektologisk avgrensing av sørlandsk, fordi dette området som me såg er svært ueinsarta reint språkleg. Det blir sjølvsagt ikkje noko betre om ein i staden baserer seg på det eg har kalla den byråkratiske avgrensinga av Sørlandet = Agder-fylka – det blir heller litt verre (men ikkje så mykje!).²⁰

²⁰ Sjølv skreiv eg i si tid (på oppdrag!) ein artikkel, ikkje om *sørlandsk*, men om (dialektane på) *Sørlandet*, der Sørlandet = Agderfylka. Etter å ha konstatert i det vide og breie at målet i dette området var hummar og kanari, drog eg ein nærmast ironisk konklusjon, som eg har lyst til å sitere her: "Kanskje vi da

Likevel er det utan tvil slik at også vanlege folk har ei slags oppfatning om at det finst noko som kan kallast sørlandsk i språkleg forstand. Ei avgrensing som så nokolunde svarar til det populære omgrepet sørlandsk finn me t.d. i Einar Lundebys artikkel i Aschehogs konversasjonsleksikon i 1972:

Sørlandsk er dialektene i de ytre bygdene i Aust- og Vest-Agder; avgrensningen mot de indre bygdene er ikke helt fast. Jamvektloven gjelder ikke, så infinitiv ender alltid på *-e*: *kaste, fare*. Tykk *l* av gln. *l* opptrer aller lengst øst (til mellom Risør og Arendal), men *rð* er overalt blitt *r*. Stemte ("bløte") konsonanter (f.eks. i *mad, gribe, skrige*) er i bruk fra litt sør for Tvedestrand og går videre inn i Rogaland og opp til midt i Ryfylke; de er oppstått alt i middelalderen. Skarre-*r* er i bruk i sjøbygdene og i byene. Sammen med sørøstlandsk har s. former som *vann, sogn* og *vei*. Presens av sterke verber har i regelen endelse og ingen omlyd: *komme(r), sove(r)*; i preteritum er former som *frøys, røyg* sterkt utbredt. [...]

Som me ser, svarar denne avgrensinga delvis til den snevre geografiske avgrensinga Gabriel Scott hadde av Sørlandet: Begge er ganske visst svært diffuse når det gjeld avgrensinga innover landet, men begge seier i alle fall at Sørlandet og sørlandsken først og fremst er kystbygdene (og byane). Derimot er dei ikkje heilt samde om kva for del av kysten som skal vere med: Me ser at dei sørlege *e*-måla spøkjer i bakgrunnen hos Lundebys, og dermed hamnar sørlandsken hans lenger mot nordaust enn det Sørlandet som Scott reknar med: For Scott begynner ikkje Sørlandet før skarre-*r*-en og dei blaute konsonantane er på plass; derfor hører ikkje Risør-distriktet med til hans Sørland. For Lundebys er det derimot ikkje sørlandsk dersom infinitiven endar på *-a*, og dermed fell dei vestlegaste kystbygdene i Vest-Agder ut i hans definisjon.

Dersom me nå legg desse to snevre definisjonane oppå kvarandre – Scotts (kvasi-)geografiske og Lundebys (kvasi-)språklege – så burde me stå att med eit område som ein ville vente skulle representere *det*

når alt kommer til alt allikevel kan si at der finnes noe spesifikt sørlandsk – nemlig *variasjonen – mangelen på enhet og samlende målmerker!*" (Torp 1990:42)

prototypisk sørlandske, nemleg kystbygdene mellom Okseffjorden og Lindesnes.

Spørsmålet er så i kva grad dette området framstår for folk i dette distriktet – og for andre – som eit språkleg sett einskapleg område. Etter mitt syn er svaret framleis nei, og eg trur også eg veit minst éin viktig grunn til det: Midt gjennom dette området går nemleg det eg tidlegare har antyda kan vere den mest saliente isoglossen i norsk, nemleg grensa mellom høgtone og lågtone. Eg trur knapt heller det finst nokon stad i landet der denne overgangen er så brå og tydeleg som nettopp her: Ein stad mellom Lillesand og Kristiansand – på grensa mellom dei gamle kommunane Vestre Moland og Høvåg (begge nå i Lillesand kommune) går det ei radikal tonefallsgrense, som alle er nøydde til å leggje merke til. Austanfor er det heilt klart austnorsk lågtone som rår grunnen, vestanfor er det like klart vestnorsk høgtone. Lenger inne i landet her eg ei kjensle av at grensa kanskje er mindre skarp, men i kystbandet er det likt til at ho er nærmast knivskarp; og kontrasten er dramatisk (jf. Fintoft & Mjaavatn 1980).²¹ Dermed går det altså eit svært salient målmerke tvers gjennom det som etter den hittil snevraste definisjonen skulle vere sørlandsk.

Spørsmålet er så om der ut frå dette finst ei endå snevrare oppfatning av kva som er den prototypiske sørlandsken enn at det er *kystbygdene mellom Okseffjorden og Lindesnes*. Etter mi meining er svaret ja: Eg trur mange meiner at "skikkeleg sørlandsk" skal ha høgtone!

Dette er det sjølv sagt ikkje så lett å føre prov for, ettersom vanlege folk stort sett manglar språk for å snakke om tonefallsskilnader, og det same gjeld jo langt på veg dialektologane, og dermed er denne grensa ikkje så mykje omtala. Men det finst ein del indisium som nok kan tolkast i den lei som eg har antyda. Mellom anna finst det

²¹ Denne skarpe tonefallsgrensa har sjølv sagt lenge vore velkjend mellom dialektologane, men inntil det aller siste er det så vidt eg kjenner til ingen som har gjort noka vitskapleg gransking av tonegangen i dette området. Men nå har Randi Alice Nilsen gått opp denne grensa i ein interessant artikkel som kom i 2001, der ho påviser at det faktisk er tale om eit anten-eller i kystdistriktet og ikkje ein meir eller mindre diffus overgangssone (Nilsen 2001).

ein del utsegner hos sjølvaste døyparen Vilhelm Krag som kan tyde på at han ikkje rekna folk austanfor Lillesand som sørlendingar. Det er rett nok uvisst kor mykje ein skal leggje i replikkar frå litterære figurar, men i artikkelen "Feriebreve fra Holmerne sørpaa" (trykt i *Tidens Tegn* 25. juli 1910) lar Krag i alle fall Maarten og Silius beklage seg over "denne elendige østlendingen" som skal vere "bortfra Græmstadkanten en plads". Rett nok meiner forfattaren "at da kan han jo ikke egentlig kaldes østlending", men ikkje desto mindre skal Krag's dotter i ein tale i 1971 ha hevda at for Krag "stoppet jo Sørlandet ved Lillesand" (jf. Andreassen 1994:112).

Krag deltok også i språkdebatten kring 1907-reforma – han var spesielt misnøgd med at dei blaute konsonantane blei fjerna – og han argumenterte då naturleg nok også med talemålet i sin landsdel, og skreiv m.a. dette:

Den østlandske knakende *k* og knitrende *r* vilde passe ilde i dette lave og lidet pralende Land. [...] her passer netop denne *lyse, lidt syngende Tale*, der kan blive saa blød og saa munter, saa uskyldigt barneglad og saa indsmigrende sød. (Morgenbladet 2/2-1907; sitert etter Andreassen 1994:91; mi kursivering, A.T.)

Eg trur knapt Krag ville kalle talemålet aust for Lillesand lyst og "litt syngende"; her i landet har det nemleg ganske lenge vore vanleg å seie at austlendingar *snakkar*, mens andre "syng" (sjølv sagt eit uttrykk for prosodisk undertrykking av alle ikkje-austnorske dialektar, men her som elles er det nok prestisjen og fleirtalsdiktaturet som rår). Og når det gjeld tonefallet, er som sagt austegdene austlendingar.

Etter denne aller snevraste avgrensinga blir då sørlandsken berre dialektane i kystbygdene og byane frå litt aust for Kristiansand og eit stykke vestover, kanskje om lag til Lindesnes – med andre ord eit svært lite geografisk område. Til gjengjeld bur det ganske mange folk der, i alle fall i det nordaustre hjørnet.

3.4. *Det prototypisk sørlandske som 'heimedansk' målmerke*

At dei prototypisk sørlandske målmerka som me har sett på i det førre punktet så å seie alle peikar mot Danmark, er sjølv sagt inga ny eller sensasjonell oppdaging; det er tvertimot velkjent og akkurat det

me ville vente ut frå geografiske og historiske forhold. Men dermed nærmar me oss kanskje også eit svar på korfor det blir så problematisk å passe 'sørlandsken' inn i eit austnorsk/vestnorsk-skjema, jamvel om me vel ei snevrare avgrensing enn sørlege *e*-mål. Mange av dei mest saliente sørlandske målmerka er nemleg verken aust- eller vestnorske, men nettopp *sørlandske*!

Desse spesifikt sørlandske målmerka er altså i svært stor grad ein konsekvens av at dette området ligg geografisk mykje nærmare eit anna innovasjonssentrum enn det Sandøy kallar det sentralskandinaviske (jf. pkt. 2.2), nemleg det *sørskandinaviske*. Og dei sørskandinaviske innovasjonane er stort sett heilt andre enn dei sentralskandinaviske (eller som eg heller vil seie, indre nordskandinaviske).

Her følgjer eit utval av slike målmerke som eg ein gong litt ironisk har kalla "ekte heimedanske folkemålsdrag", dvs. samsvar mellom folkeleg norsk talemål og dansk, der det er grunn til å tru at det dreiar seg om munnleg påverknad frå dansk (standardtalemål eller dialekt) utan at påverknaden har gått via norsk-dansk standardtalemål eller skrift (jf. Torp 1988).

MÅLMERKE	UTBREIING I NORGE
1. utlydsvokalforkorting i syntagme (t.d. <i>på seg, må vel</i>)	dei fleste kystmål på Agder
2. vokalforkorting i førsteleddet i samansette ord (t.d. <i>snømann, trestokk, blåtøy</i>)	mange kystmål på Agder
3. kort vokal i utlyd (i ord som <i>til</i> = [te], <i>så</i> [so])	kystmåla mellom Grimstad og Lista
4. alltid tonem 2 i ord utan "stødbasis"	vestre delen av kystmåla i Vest-Agder(?)
5. reduksjon <i>a</i> > [ə] i preteritum av <i>a</i> -verb (<i>kaste, har kaste</i>)	kystmåla mellom Mandal og Lindesnes
6. lenisering (<i>bide, gabe, skrige</i>)	"den bløde kyststripe"
7. dorsal <i>r</i> (skarre- <i>r</i>)	(for tida) det meste av Sørvestlandet og Sørlandet
8. <i>r</i> -vokalisering	kystmåla mellom Risør og Grimstad
9. <i>r</i> -velarisering av schwa (trykklett <i>-er</i> > <i>-år</i>)	for det meste der målet har dorsal <i>r</i>

Skjema 6. Ein del fonetiske og fonologiske samsvar mellom egdske kystmål og dansk²²

Det er ikkje tvil om at desse og andre liknande målmerke er med på å gi desse egdske kystmåla eit så "dansk" preg at jamvel danskar legg merke til det. Som "bevis" på dette kan eg fortelje ei historie eg ein gong hørte frå ein dansk kollega, som hadde reist rundt i Danmark saman med ein norsk kollega, som var kristiansandar. Mest kvar kveld når dei kom til eit nytt hotell, brukte vertskapet å seie når dei fekk høre sørlandsmålet til kristiansandaren: "Men De behøver da slet ikke at snakke dansk!" For dei trudde nok sikkert det var ein svenske som prøvde å tale dansk...

Det er med andre ord ikkje tvil om at det finst ei rekkje svært saliente målmerke som folk med god grunn oppfattar som spesifikt

²² I Torp 1988 har eg nemnt og drøfta både desse og ein god del fleire "heimedanske" målmerke, m.a. også ein del morfologiske og syntaktiske.

sørlandske, ettersom mange av dei berre finst i nokre eller alle kystmåla i eitt eller begge Agder-fylka. Men det er altså så å seie berre i kystmåla ein finn desse målmerka; så snart ein kjem nokre mil innover i landet, forsvinn det aller meste av "heimedansken", slik at det tradisjonelle innlandsmålet i Agder-fylka faktisk er noko av det mest "kavnorske" me har.

Konklusjonen må dermed bli at dersom *sørlandsk* skal vere ein dialektologisk term som folk kan "kjenne seg att i" (m.a.o. salient), og dersom Sørlandet = Aust-Agder + Vest-Agder, så blir det ikkje geografisk samsvar mellom landsdel og målføreområde slik stoda er i dag. Spørsmålet er så om det vil kunne bli slik i framtida. Eg skal runde av denne drøftinga med å spekulere litt omkring dette.

3.5. Eit(t) sørlandsk regionmål?

Det er velkjent at det skjer ei såkalla *regionalisering* av dialektane i dag – både her i landet og andre stader. Dette inneber at dei mest lokale skilnadene mellom bygdemåla forsvinn og me får i staden eit meir einsarta talemål som varierer mindre lokalt. I prosjektbeskrivelsen for TEIN er den språklege regionaliseringa omtala som eit empirisk delmål, der det m.a. heiter slik:

Den empiriske delen av prosjektet skal konsentrerast om *språkleg regionalisering* som geografisk mønster for språklege realiseringar. [...] Språkleg regionalisering vil primært spreia seg etter prinsippet 'urban jumping', altså frå kjerneområdet vil regionsspråket spreia seg frå tettstad til tettstad. [...] Når ein skal studere *utbreiinga* av den språklege regionaliseringa, kan vi stilla oss desse spørsmåla: Kor langt strekkjer ho seg? Kor langt strekkjer cirkumferensane seg? Kvar møtest to cirkumferensar?

Her ligg det etter mitt syn fleire interessante forskingsoppgåver nettopp i Agder-regionen, og dei er først og fremst interessante fordi svara neppe er opplagde. Sjølv har eg ikkje drive systematiske studium anna enn i eit par bygder i Aust-Agder, så det eg seier nå, er i alt vesentleg basert på såkalla tilfeldig observasjon, gjord av ein som er oppvaksen i landsdelen, men som ikkje har budd fast der på 40 år.

Ein tendens som synest opplagd, er at mange særdrag som hittil har vore avgrensa til kystmåla, er på veg innover landet. Bortsett frå

skarre-*r*-en trur eg likevel ikkje det gjeld så mange av dei "heimedanske" målmerka ovanfor – tvert imot er det nok slik at fleire av desse faktisk er på sterk retur i kystmåla; det gjeld jamvel eit så salient målmerke som leniseringa (dei blaute konsonantane), som ein ikkje finn særleg mykje av hos mange yngre menneske i det området der slike former tradisjonelt har vore einerådande. Derimot er utvilsomt den enkle morfologien i kystmåla på veg til å fortrenge det meir kompliserte bøyingsverket i innlandsmåla; det gjeld t.d. fleirtalsbøying av substantiv og presens av verb, der kystmåla i alle fall i Aust-Agder lenge har hatt bokmålsliknande former, mens dei tradisjonelle formene i innlandsmåla liknar meir på tradisjonell nynorsk. Noko tilsvarande gjeld sikkert også for mange ordformer (*vavn* > *vann*, *straum* > *strøm*, *gløyme* > *glømme* > *glemme* osv).

Dette er det eg meiner å kunne registrere av heilt klare tendensar, spesielt ut frå kjennskap til forholda i den austlege delen av området.²³ Så kjem me til dei langt vanskelegare spørsmåla om kor langt regionaliseringa på Agder når, og om det finst fleire sentra med tilhørande cirkumferensar innanfor området.

La meg her for det første seie at eg avstår heilt frå å uttale meg om den vestlege delen av Agder, dvs. det som ligg vest for Kristiansand, ettersom eg kjenner altfor lite til dette området. Men ut frå det faktum at Kristiansand er den største byen i regionen, vil ein med utgangspunkt i "TEIN-modellen" (sjå sitatet ovenfor) gå ut frå at kristiansandsmålet må vere øvst i det sørlandske regionaliseringshierarkiet. Av dette skulle det då følgje at t.d. Arendal, som den nest største byen på Agder, skulle bli påverka frå Kristiansand.

På grunnlag av usystematisk observasjon vil eg likevel tvile på at så er tilfellet. Eg trur i det heile at kristiansandsmålet har mykje mindre innverknad i heile Aust-Agder enn det ein skulle tru ut frå økonomisk og demografisk vekt. Det einaste opplagt kristiansandske målmerket eg kjenner til som har greidd å trengje eit stykke inn i Aust-Agder, er nr. 3 i skjema 6 (kort vokal i utlyd); her finst eit par eksempel (pronomenet *det* /*d̥e*/ og preposisjonen *til* /*te*/) så langt aust

²³ Etter å ha lese to heilt blodferske rapportar frå dei indre bygdene i Vest-Agder, meiner eg å kunne konstatere at dei same tendensane syner seg der (jf. Johannessen 2001 og Ågedal 2001).

som i Grimstad (men kristiansandsmålet har mange fleire; jf. Christoffersen 1981). Den regionaliseringa ein elles finn i Aust-Agder, trur eg helst må forklarast anten som lokale utviklingar, der kystmåls ekspansjonen innover landet sjølvsagt er den viktigaste tendensen, eller som rein austlandspåverknad, der innføring av retrofleksar utan tvil er den mest påtakalege endringa frå fonologisk synsstad. For 30-40 år sidan fanst det knapt retrofleksar i Aust-Agder anna enn i og kring byen Risør; i dag har truleg alle unge menneske retrofleksar i heile kystdistriktet til og med Arendal (jf. Torp 1994:294ff). Skarre-*r*-en ekspanderer heller ikkje lenger nordaustover i kystbygdene; derimot vil truleg alle innlandsbygdene i arendalsvasdraget få skarre-*r* ganske snart.


Dersom me forlengar dei tendensane me ser i dag nokre generasjonar inn i framtida, vil altså dei fleste austegdar etter kvart kunne komme til å snakke eit svært austlandsprega mål både prosodisk og segmentalfonologisk – altså både i tonefall og einskildlydar. Men det vil vere eit austlandsk utan ein del av dei mest saliente – eller kanskje me skulle seie *utprega!* – austnorske trekka, som trykkforskyving mot venstre i framandord, spor av jamvekt, klitisert *han > n* og tjukk *l* – med andre ord: Det vil vere berre dei "pene" trekka i austlandsk som slår gjennom – desse trekka stemmer jo i alle fall med det tradisjonelle folkemålet her, og sidan dei også samsvarar med prestisjespåket, er det sjølvsagt ingen grunn til å kvitte seg med dei. Men skarre-*r*-en ser ut til å halde stand der han alt har slått gjennom – dvs. i heile fylket bortsett frå lengst i nordaust – kommunane Risør og Gjerstad vil nok aldri få skarre-*r*.

Eit dialektologisk framtidsscenario (dialektromantikarar ville vel helst seie eit skrekksenario) for størsteparten av Aust-Agder ville altså kunne bli eit talemål som fell meir eller mindre saman med den såkalla Frogner-dialekten (= vestkant-oslomål med skarre-*r*), mens risørfolk og gjerdsølingar vil bli "normale" standardaustlendingar!

Litteratur

- Andreassen, Jostein 1994: *Begrepet Sørlandet – en historisk oversikt*. Søgne – eige forlag
- Auer, Peter, Birgit Barden & Beate Grosskopf 1998: "Subjective and objective parameters determining 'salience' in long-term dialect accommodation" I *Journal of Sociolinguistics* 2/2:163–187
- Berulfsen, Bjarne 1968: "Aust-Agder – Språk" I *Aschehougs konversasjonsleksikon*, bind 1, spalte 981
- Bjørkum, Andreas 1970: "Norsk målføre. Eit stutt oversyn" I Beito, Olav T.: *Målføre og normalmål* s. 68-79 Universitetsforlaget
- Bull, Tove 1996: "Språkskifte hos kvinner i ei nordnorsk fjordsamebygd." I Jahr & Skare (red.)
- Christiansen, Hallfrid 1954: "Hovedinndelingen av norske dialekter" I *Maal og Minne* s. 30–41
- Christoffersen, Marit 1981: "Kort trykksterk vokal og 'stød' i Kristiansands bymål" I *Maal og Minne* s. 77–85
- Fintoft, Knut & Per Egil Mjaavatn 1980: "Tonelagskurver som målmerker" I *Maal og Minne* s. 66–87
- Fretheim, T. & R. A. Nilsen 1989: "Romsdal intonation: where East and West Norwegian pitch contours meet" I J. Niemi (red.): *Papers from the eleventh Scandinavian conference of linguistics. Vol 2*. University of Joensuu, s.442–458.
- Jahr, Ernst Håkon (red.) 1990: *Den store dialektboka*. Novus
- Jahr, Ernst Håkon & Olav Skare (red.) 1996: *Nordnorske dialektar*. Novus
- Jensen, Martin Kloster 1964: *Språklydlære*. Bergen/Oslo
- Johannessen, Silje 2001: *Fra isolasjon til kontakt. Om talemålsutviklingen i Åseral på 1900-tallet*. Upublisert hovudfagsavhandling, Høgskolen i Agder
- Larsen, Amund B. 1897: *Oversigt over de norske bygdemål*. Aschehoug
- Lie, Svein 1985: "Inndeling av norske dialektar" I *Norskraft* nr. 47
- Lie, Svein 1984: "Om noen følger av schwa-bortfall i norsk" I *Maal og Minne* s. 120–157
- Lundeby, Einar 1972: "Sørlandsk" I *Aschehougs konversasjonsleksikon*, bind 18, spalte 596
- Lundeby, Einar 1972: "Vest-Agder – Språk" I *Aschehougs konversasjonsleksikon*, bind 19, spalte 731–732
- Longva, Svein & Johan Kristian Tønder 1999 (red.): *Norges offisielle statistikk C513*

- Nilsen, Randi Alice 1992: *Intonasjon i interaksjon. Sentrale spørsmål i norsk intonologi*. Dr.-avhandling. Universitetet i Trondheim
- Nilsen, Randi Alice 2000: "Tonale særtrekk i norske lavtonedialekter" I *Folkmålsstudier* 39. Helsingfors
- Nilsen, Randi Alice 2001: "'Borderline cases'. Tonal characteristics of some varieties of spoken Norwegian". I *Nordic Prosody VIII*. Berlin.
- Sandøy, Helge 1994: "Utan kontakt og endring?" I Kotsinas, Ulla Britt & John Helgander (red.): *Dialektkontakt, språkkontakt och språkförändring i Norden* s. 38–51. Stockholm
- Sandøy, Helge 1996: *Talemål*. Novus
- Skjekkeland, Martin 1997: *Dei norske dialektane*. Høyskoleforlaget
- Torp, Arne 1983: "Nokre tankar om inndeling av folkemålet i Skandinavia" I Slotte, Peter (red.): *Folkmålsstudier* nr. 28 s. 45–92. Åbo
- Torp, Arne 1988: "'Heimedanske folkemål" I Bjørkum, Andreas & Arve Borg (red.): *Nordiske studiar – Innlegg på den tredje nordiske dialektolog-konferansen 1986* (Skrifter frå Norsk målførearkiv XL). Oslo
- Torp, Arne 1994: "Skarre-r mot retrofleksar: ein rapport frå frontlinja" I Kotsinas, Ulla Britt & John Helgander (red.): *Dialektkontakt, språkkontakt och språkförändring i Norden* s. 291–299. Stockholm
- Torp, Arne 1994: "Lågtone, jamvekt, trykkforskyving" I Reinhammar, Maj (red.): *Nordiska dialektstudier* s. 293-304. Uppsala
- Torp, Arne 1990: "Sørlandet" I Jahr (red.) s. 29–43
- Ågedal, Reidar 2001: *Mellom kyst og innland. Ei gransking av talemålsutviklinga i Konsmo i Vest-Agder*. Upublisert hovudfagsavhandling, Høgskolen i Agder



Aldersavgrensing og ungdom som språkendringsagentar

Av Unn Røyneland

0. Introduksjon

